

# **BIOLOGISK MANGFALD I SANDE KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL**

**Kartlegging av viktige naturtypar**

**og viktige viltområde**



**Offentleg del**

av

Mattis Vidnes

og

Karl Johan Grimstad

## Føreord frå forfattarane

Underteikna utførte i 2003 og 2004 kartlegging av biologisk mangfald i Sande kommune. Arbeidet er utført på oppdrag for Sande kommune, men alle påstandar og vurderingar, samt eventuelle feil og manglar er forfattarane ansvarlege for.

Denne rapporten er meint å vere eit oppslagsverk som gjev konkret informasjon om det biologiske mangfaldet i Sande kommune, og underteikna håpar at rapporten vil verte nytta i den daglege arealplanlegginga og forvaltninga. Samstundes er rapporten meint å gje ei meir generell innføring i temaet biologisk mangfald, og den vil forhåpentligvis vere nytta i arbeidet med Lokal Agenda 21, i skuleundervisninga og for alle interesserte.

Ein stor takk går til alle som har bidrige og hjelpt til under arbeidet. Mange takk til Kristin Wadsten for eit svært godt samarbeid med Sande kommune gjennom heile kartleggingsprosessen. Takk også til Kjell Lyse og Asbjørn Børset hjå Fylkesmannen for veiledning og kontstruktive innspel til rapporten. Ein spesiell takk går til Geir Gaarder, Einar Timdal (Lavbasen, Botanisk museum) og Kristian Hassel (mosar) for innspel og hjelp med kontrollbestemming av belegg.

Lykke til med det vidare arbeidet med biologisk mangfald i Sande kommune!

Mattis Vidnes

Oslo, 15.05.2006

Karl Johan Grimstad

Hareid, 15.05.2006

### Kontaktinfo:

Mattis Vidnes  
Ruglandvn. 103  
1358 Jar  
Tlf: 924 09 096  
E-post: mattis.vidnes@gmail.com

Karl Johan Grimstad  
6062 Brandal  
Tlf: 70 09 33 21  
E-post: karljogri@tussa.com

Forsida syner utsikta frå Drageskaret mot øyane i vest (Fotograf Geir Inge Bjørneseth Brekke). Innfelt biletet syner ulike artar beitemarkssopp (ø.t.v.), strandlauk (ø.t.h.), purpurlyng (n.t.v.), og kystblåfiltlav *Degelia atlantica* (n.t.h) (Fotograf Karl Johan Grimstad).

Vidnes, M. og Grimstad, K.J. 2006. *Biologisk mangfald i Sande Kommune, Møre og Romsdal. Kartlegging av viktige naturtypar og viktige viltområde.* Offentlig del. Sande Kommune, rapport.

Noreg har ved å underteikne Konvensjonen om biologisk mangfald forplikta seg til å bidra til vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald. I stortingsmelding nr. 58 om "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" vert det gjeve nasjonale mål for å følge opp forpliktingane i konvensjonen. Eit av dei nasjonale måla er at alle kommunene skal ha registrert og verdiklassifisert viktige areal for det biologiske mangfaldet innan 2004. Dette er samstundes eit ledd i ei statleg satsing på å auke kommunane sin kompetanse til sjølv å forvalte det biologiske mangfaldet. Direktoratet for Naturforvaltning har m.a. gjeve ut DN-håndbok nr. 13-1999 med metodikk og rettleiing for arbeidet.

På oppdrag frå Sande kommune har forfattarane av denne rapporten starta arbeidet med å kartleggje viktige naturtypar i kommunen etter metodikken i DN-håndbok 13-1999. Samstundes har det vorte kartlagt viktige viltområde etter metodikken i DN håndbok 11-2000 for å fange opp lokalitetar som er viktige for det biologiske mangfaldet, men som fell utanfor naturtypekartlegginga. Denne viltkartlegginga er eit supplement til og ei oppdatering av eksisterande viltkartlegging. Arbeidet har omfatta litteratursøk for å finne eksisterande litteratur, samt feltarbeid for å kartleggje nye lokalitetar og å sjekke opp og avgrense allereie kjende lokalitetar. I arbeidet har mange lokale ekspertar og fagfolk bidrige med informasjon og råd.

I Sande kommune er det i denne omgang kartlagt 42 prioriterte naturtypelokalitetar frå 15 ulike naturtypar. Av desse er 12 vurdert som svært viktige (A), 15 som viktige (B) og 14 som lokalt viktige (C). Dei 42 lokalitetane utgjer til saman 13.243 daa eller 13,2 km<sup>2</sup>, eller 315 daa i snitt. Det totale arealet av dei prioriterte lokalitetane utgjer til saman litt i underkant av 15 % av det totale arealet til Sande kommune. I tillegg er det kartlagt 29 viltlokalitetar. Av disse er 13 vurdert som svært viktige, 12 som viktige og 4 som registrerte viltlokalitetar. I tillegg til denne rapporten vil kartlagte lokalitetar med tilhøyrande informasjon verte distribuert på internett gjennom m.a. DN sin kartjeneste Naturbasen.

Til nokre lokalitetar er det knytt opplysningar om truga og sårbare artar som er truga av ulovleg etterstrebning eller som er svært sårbare for menneskeleg forstyrring. Slik informasjon er med hjemmel i § 6a i offentlighetsloven unntake offentlighet. Informasjon som er unntake offentlighet er gjeve i eit eige bilag til denne rapporten, og lokalitetane er der skildra med detaljert informasjon om førekomst og lokalitetens funksjon for slike artar.

Denne kartlegginga gjev ingen endeleg oversikt over det biologiske mangfaldet i Sande kommune, og bør oppfattast som byrjinga på ein prosess, ikkje som eit sluttprodukt. Vidareføring av arbeid med biologisk mangfald, med t.d. informasjon til grunneigarar og andre interessegrupper, samt oppdatering og oppfølgande arbeid, må kommunen arbeide vidare med etter at denne rapporten er ferdig.

For å ta vare på det biologiske mangfaldet må informasjon om verdufylle naturtypelokalitetar nå forvaltarane av områda, inkludert private grunneigarar. Med ei oversikt over det biologiske mangfaldet i kommunen kan kommunale arealplanleggjarar og politikarar styre arealbruken på ein meir forsvarleg måte og sikre rett skjøtsel i størst mogleg grad. Gjennom avgjerslene sine kan desse aktørane ta omsyn til biologisk mangfald i den langsiktige arealplanlegginga eller direkte i handsaming av plan- og byggjesaker.

## Figurar, tabellar og tekstboksar

### Figurar

Figur 1:	Biologisk mangfold	8
Figur 2:	Skjematiske modeller over arbeidsprosessen	19
Figur 3:	Kart over Sande kommune	25
Figur 4:	Berggrunnen i Sande kommune.	24

### Tabellar

Tabell 1:	Internasjonale avtalar og konvensjonar knytt til biologisk mangfold	14
Tabell 2:	Den norske raudlista sine kategoriar for kor truga organismar er	20
Tabell 3:	Meteorologiske data for Sande	27
Tabell 4:	Oversikt og skildring av dei ulike vegetasjonssonene som Sande ligg i	27
Tabell 5:	Oversikt over dei kartlagde naturtypane i Sande kommune	30
Tabell 6:	Oversikt over samla og gjennomsnittleg areal av dei kartlagde naturtypene	30
Tabell 12:	Lokalitetar i hovednaturtype myr	31
Tabell 13:	Lokalitetar i hovednaturtype fjell	31
Tabell 14:	Lokalitetar i hovednaturtype kulturlandskap	31
Tabell 15:	Lokalitetar i hovednaturtype ferskvatn	32
Tabell 16:	Lokalitetar i hovednaturtype skog	32
Tabell 17:	Lokalitetar i hovednaturtype havstrand/kyst	33
Tabell 18:	Andre viktige førekomstar	33

### Tekstboksar

Boks 1:	Innførde artar i Sande	10
Boks 2:	Forureining i Sande	12
Boks 3:	Sande, Lokal Agenda 21 (LA21) og det biologiske mangfaldet	13
Boks 4:	Utegangarsau og utegangargeit i Sande	14
Boks 5:	Døme på verdsetjing av naturtypar i Sande	23
Boks 6:	Åramsholmen dyrelivsfredning	29
Boks 7:	Forklaring av faktaarka	34

## Innhald

<b>FØREORD FRÅ FORFATTARANE.....</b>	<b>II</b>
<b>SAMANDRAG.....</b>	<b>III</b>
<b>FIGURAR, TABELLAR OG TEKSTBOKSAR .....</b>	<b>IV</b>
<b>INNHOLD .....</b>	<b>5</b>
<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>8</b>
1.1 Definisjon av biologisk mangfold.....	8
1.2 Kvantifisering av det biologiske mangfaldet .....	8
1.3 Verdien av biologisk mangfold .....	9
1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet.....	9
1.4.1 Øydelegging, fragmentering og endring av habitat .....	9
1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk .....	10
1.4.3 Spreiing av framande organismer .....	10
1.4.4 Overhausting .....	11
1.4.5 Forureining.....	11
1.4.6 Avl og foredling .....	12
1.4.7 Klimaendringar.....	13
1.5 Internasjonale konvensjonar .....	14
1.6 Vern av biologisk mangfold i kommunene.....	16
1.6.1 Aktiv sikring.....	17
1.6.2 Passiv sikring .....	17
1.6.3 Grunneigaravtalar .....	17
1.6.4 Verkemiddel i jordbruket.....	17
<b>2 MATERIALE OG METODAR .....</b>	<b>18</b>
2.1 Naturypekartlegging .....	18
2.2 Viltkartlegging .....	18
2.3 Arbeidsprosess .....	18
2.4 Definisjonar av omgrep .....	18
2.5 Innsamling av materiale .....	21
2.6 Kartfesting og kartgrunnlag.....	22
2.7 Eigenskapsdata.....	22
2.8 Kriterier for utvalg, verdsetjing og prioritering av lokalitetane.....	22
<b>3 NATURGRUNNLAGET I SANDE KOMMUNE .....</b>	<b>25</b>
3.1 Landskap .....	25

3.2	Berggrunn.....	26
3.3	Lausmassar .....	26
3.4	Klima og biogeografi .....	27
<b>4</b>	<b>NATURVERNOMRÅDE I SANDE KOMMUNE .....</b>	<b>28</b>
	Ristesundsanden naturresservat .....	28
	Storevik naturreservat .....	28
	Sandsvågen naturreservat .....	29
<b>5</b>	<b>NATURTYPAR I SANDE KOMMUNE .....</b>	<b>30</b>
5.1	Myr .....	30
5.2	Rasmark, berg og kantkratt .....	31
5.3	Fjell .....	31
5.4	Kulturlandskap .....	31
5.5	Ferskvatn .....	32
5.6	Skog.....	32
5.7	Havstrand/ kyst .....	33
<b>6</b>	<b>KATALOG OVER NATURTYPELOKALITETANE OG VILTMORÅDA.....</b>	<b>34</b>
6.1	Naturtypelokalitatar .....	34
	Frekøy .....	35
	Storholmen .....	35
	Eggholmane og Littleholmen.....	36
	Terneskeret og Haugsholmen .....	37
	Kleivehammaren .....	37
	Kvamsøya vest (Basseneset / Djupvika / Kletten) .....	38
	Kletten .....	38
	Ristesundsanden naturreservat .....	39
	Ristesund.....	40
	Riste .....	41
	Voksa strandberg .....	42
	Voksa beitemark.....	43
	Voksa hasselkratt .....	44
	Voksa myr.....	44
	Storevik naturreservat .....	45
	Storevik dyrelivsfredning .....	45
	Sandsvågen naturreservat .....	46
	Barseneset / Dollsteinen .....	47
	Rinden .....	47
	Helland .....	48
	Hornet kalk .....	49
	Hornet kystlynghei.....	49
	Ulandsvika .....	50
	Nord for Sandshamn .....	51
	Hestehammarneset / Nupeneset / Nupafjellet .....	51
	Hallevatnet.....	52
	Dalevatnet .....	53
	Grønholmen.....	53
	Larsnes: Breidvik .....	54


Oksavik beite .....	55
Oksavik svartor.....	55
Laupsneset.....	56
Knotten / Kråkereidet.....	56
Vågen / Vågsvosen .....	57
Vågselva.....	57
Almestadsmyra.....	58
Aregjell.....	59
Aurvoll / Brekke / Hauge.....	59
Aurvoll 1.....	60
Aurvoll 2.....	60
Raudegrøtet.....	61
Gamlesætra - Vasshornet.....	61
Litlevatnet .....	62
Kliplevatnet.....	62
Gjønes .....	63
Gjøna.....	64
Goteneset.....	65
Hidsnes.....	65
Gjerdsvika.....	66
Hageselle - Gjerde .....	66
<b>6.2      Uprioriterte, uteletne og ikkje-oppsøkte lokalitetar.....</b>	<b>67</b>
<b>8      TILRÅDINGAR .....</b>	<b>69</b>
<b>8.1      Generelt for kommunal forvaltning og arealplanlegging.....</b>	<b>69</b>
<b>8.2      Skjødselsavhengige lokalitetar .....</b>	<b>69</b>
<b>9      KJELDER .....</b>	<b>70</b>
<b>VEDLEGG 1: RAUDLISTEARTAR.....</b>	<b>75</b>
<b>VEDLEGG 2: LITTERATURBASE .....</b>	<b>79</b>
<b>VEDLEGG 1: PLANTELISTE .....</b>	<b>87</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Definisjon av biologisk mangfald

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (plantar, dyr og mikroorganismar), deira arvestoff og det kompliserte samspelet dei er ein del av. Variasjonen i naturen kan målast og estimerast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå (DN 2006a).

Meir presist er det i konvensjonen om biologisk mangfald definert at: "*Biologisk mangfold er variabiliteten hos levende organismar av alt opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystemer og de økologiske kompleksene som de er en del av; dette omfatter mangfold innenfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992, sitert i DN 2006a). Ein illustrasjon av omgrepene er gjeve i Figur 1.



**Figur 1:** Biologisk mangfald er jorda sin variasjon av livsformer (plantar, dyr og mikroorganismar) og deira arvestoff, og samspelet mellom livsformene og det ikkje-levande miljø. Biologisk mangfald kan deles inn i 1) mangfald av naturtyper og leveområde, 2) mangfald av artar og 3) genetisk mangfald (Kjelde: MD 2001b).

## 1.2 Kvantifisering av det biologiske mangfaldet

Det er gjort mange forsøk på å kvantifisere det biologiske mangfaldet på kloten. Dei mest anerkjente anslaga varierer frå 1,4 - 6 millionar og heilt opp til 30 millionar avhengig av kva metodikk som vert nytta (Bryant 2002). Det er i dag sett namn på om lag 1,4 millionar artar, dei fleste av dei i tempererte strøk, og av dei ulike organismegruppene er det fuglar og pattedyr som er best undersøkt. Ein reknar difor med at dei fleste nye artane i verda vil verte funne utanfor dei tempererte strøka, og vil tilhøyre andre organismegrupper enn fugl og pattedyr (Bryant 2002).

Trass i dette vert det stadig funne nye artar i Noreg, om enn ikkje nye for vitskapen, så i alle høve nye for landet. I Noreg har Direktoratet for Naturforvaltning estimert at det truleg er kring 60 000 artar dersom ein ser vekk frå planteplankton, bakteriar og virus (DN 1999b). Det er i dag registrert rundt 41 500 artar i Noreg, men i tillegg forventast det å finne rundt 25 000 nye (Hågvar og Berntsen 2001). Denne forventninga er basert på registreringar frå nabolanda, samt det ein veit om dei økologiske krava til artar som har vorte registrerte der. Generelt minkar talet på karplantar og dei fleste dyregrupper jo lengre nord og vekk frå ekvator ein kjem (Begon *et al.* 1996), men når det gjeld sopp, lav og mose ser dette ikkje ut å stemme. Her er Noreg i verdssamanheng eit artsrikt land.

## 1.3 Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001a) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som realiserast gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forsking.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenestar som biologisk produksjon, jorddanning,rensing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbon-, nitrogen- og andre stoff sine kretslaup, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flom og tørke. Desse verdiane er ein forutsetning for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdi som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdiar omfattar både direkte og indirekte verdiar nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra t.d. knytt til ønsket om å vite at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine moglegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (Hågvar 1995a, DN 1999a). At naturen har eigenverdi bygger på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv (Hågvar 1995a). Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei berekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det (MD 1997b).

## 1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

### 1.4.1 Øydelegging, fragmentering og endring av habitat

"Uvettig arealutnyttelse er den viktigste årsaken til tap av biologisk mangfold."

Børge Brende, tidl. miljøvernminister i Noreg, til Dagbladet (Brende 2002)

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er den største trusselen mot det biologiske mangfaldet (DN 1998). Særleg viktig er endra driftsformer i jord- og skogbruk (DN 1999b), samt fysiske inngrep med fragmenterande verknad (DN 1995). Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av dei små inngrepa som over tid vil avgjere om vi klarar å ta vare på grunnlaget for biologisk produksjon og det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, vert det i dag ofte gjeve dispensasjonar i område av interesse for naturvern og friluftsliv (MD 1997a).

### 1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i jordbruksystemet resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og gjengroing. Den største driftsendringa i jordbruksystemet har skjedd de siste 50 åra (MD 2001a, Miljøstatus i Norge 2006) og mange kulturskapte naturtypar, m.a. slåtteenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinne (Fremstad og Moen 2001, MD 2001a). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruksystemet gror i dag igjen og vert til skog. Dette medfører at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende. På den andre sida medfører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Fremstad 1997). Omsetninga av kunstgjødsel var svært lav fram til 2. verdskrig. Etter krigen auka bruken av nitrogen sterkt fram til 80-tallet (Miljøstatus i Norge 2006). Grunna desse endringane vil truleg ei lang rekke planteartar forsvinne eller verte svært sjeldne (DN 1999b, Miljøstatus i Norge 2006) for over 30 % av dei norske raudlista artane er i dag knytt til kulturlandskapet (DN 1999b).

### 1.4.3 Spreiing av framande organismer

Menneskeskapt spreiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosistema er et aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping (MD 2001a). Innførde artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosistema, og mange vil døy ut etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001a). Dette kan føre til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem endrast (DN 2006b). Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m.a. å hindre innføring av, kontrollere eller utrydde framande artar som truar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

#### Boks 1: Innførde artar i Sande

Under er somme inførde planteartar i Sande omtala. Dette er berre eit utval av artar som er lett synlege og som er i spreiing i kommunen. Nokre av desse kan komme til å fortrenge heimlege artar, og vil i so høve ha ein negativ innverknad på det biologiske mangfaldet i Sande.

Sitkagran kjem opprinnleger frå vestkysten av Nord-Amerika. I Noreg er den planta i stor stil på Vestlandet og i kyststrøka, særleg under den store skogreisinga på 1960-talet (Lid og Lid 1998). Det samme er tilfelle med vanlig gran, som heller ikkje er naturleg forekommande i vestlandske økosystem. Når område på Vestlandet vert planta til med gran, vert økosistema endra dramatisk. Begge artane førstemerirar og speier seg i tillegg godt (Wesenberg 2000). Platanlønn er eit innført treslag frå Tyskland, og treet vart innført som prydtre og tuntre for rundt 250 år sidan (Fremstad og Elven 1996). I dag har platanlønn etablert seg dei fleste stadar i Sande, og er observert heilt opp i øverste fjellbjørkeskogsbelte. Platanlønn er svært konkurransesterk og vil truleg utkonkurrere mange andre lauvtreslag, m.a. hassel (Fremstad og Elven 1996), men vil truleg ikkje ha store økologiske effektar utanom endring i artssamansetnad av tresjiktet (Wesenberg 2000). Parkslirekne kjem opprinnleger frå Aust-Asia, men har vorte nytta i lang tid som hageplante. Har vorte spreidd med hageavfall, og er i etablert mange stadar i Sande, i sær på skrotemark, i randsoner og langs elver og bekkar. Set truleg sjeldan eller aldri frø i Noreg, men spreiar seg sterkt vegetativt på vekseplassen (Lid og Lid 1998, Fremstad og Elven 1997).

#### 1.4.4 Overhausting

Trass i at hausting av naturressursar er eit gode så lenge det føregår innanfor økologisk forsvarlege rammer, kan overhausting ha alvorlege konsekvensar. Overhausting har ført til utrydding av populasjonar og endringar av heile økosystem. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten råkar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadane verte store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vere ein alvorleg trussel mot desse artane sin vidare eksistens.

I Noreg er døma på overhausting i nyare tid særleg marine ressursar. Til dømes vart populasjonen av norsk vårgytande sild fiska heilt ned i slutten av 1960-åra. Først frå midten av 1980-tallet auka gytepopulasjonen igjen. Fødetilbodet for fisk, sjøfugl og sjøpattedyr vart sterkt redusert og enkelte sjøfuglartar fekk i dette tidsrommet sterkt redusert sine populasjonsstørrelsar (DN 1998). Enkelte artar er i dag truga av ulovleg jakt, fangst eller eggrovieri (Miljøstatus i Norge 2006), men mange artar, spesielt av rovdyra våre, er truga grunna overhausting for mange tiår og hundreår sidan (DN 1999b).

#### 1.4.5 Forureining

Forureining kan opptre både i form av lokale punktutslepp og i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet.

Langtransportert forureining frå andre land fører og til forsuring og eutrofiering av innsjøar og elver i Sør-Noreg, spesielt på Sørlandet, og resultatet har vore fiskedød og redusert kvalitet på vatnet i mange norske vassdrag. Forskning viser også at langvarig eutrofiering grunna nitrogenutslepp utarmar floraen i rikare barskog slik at den vert meir artsfattig (DN 1998, Fremstad og Kålås 2001).

Noreg har rikeleg med reint ferskvatn samanlikna med dei fleste andre land, men utslepp frå busetjingar og landbruk påverkar kvaliteten på vatnet i norske innsjøar og elver. Forureining av vassdrag kan blant anna føre til därleg drikkevatn, fiskedød eller redusert rekreasjonsverdi knytt til bading og anna friluftsliv. Overgjødsling i ferskvatn kan også føre til eutrofiering og algeoppblomstring (Miljøstatus i Norge 2006).

Langs kysten står fiskeoppdrett for veksande utslepp av næringssalt (Miljøstatus i Norge 2006). Fleire hamneområde og fjordar er forureina av miljøgifter frå industrien (Relling og Otnes 2000). Akutte utslepp av olje og kjemikaliar kan føre til skader på sjøfugl, fiskeyngel og andre marine dyreartar, samt tilgrising av verdfull kystr natur (Miljøstatus i Norge 2006).

Auka UV-stråling er resultatet av ei svekking av ozonlaget grunna menneskeleg forureining. Dette kan ha negativ verknad på plankton, algar og yngel, og vil kunne skade næringsgrunnlaget for livet i havet. Skader på plantar vil kunne gje reduserte avlingar og svikt i matvareproduksjonen. På grunn av planteplanktonet si evne til å ta opp CO<sub>2</sub>, kan skader på planteplankton kunne bidra til global oppvarming (Miljøstatus i Norge 2006).

### Boks 2: Forureining i Sande

Under er nokre døme på forureiningstilstanden i Sande. Døma er tekne frå ulike overvakingsprosjekt der lokalitetar i Sande har vore med.

I samband med nasjonale og fylkesvise kartleggingar av miljøkvalitet i fjord- og kystområda, vart det på 80- og 90-talet teke prøver fleire stadar i Sande kommune, m.a. i Sandsfjorden, Gursken, Gurskebotnen, Voksa og ved Kvamsøya. Resultata syner at terskelfjorden Gurskebotn kan oppleve låge oksygenverdiar. Prøver ved dei to skipsverfta i Gurskebotn og Larsnes har vist at dei marine sedimenta er forureina av tungmetall. Ved Voksa har hydrologi og sedimentkvalitet vore undersøkt, og tilstanden vart vurdert som tilfredsstillande. Prøver ved Kvamsøya synte normale bakgrunnsverdiar for tungmetall og PAH (Fagerhaug 1997, Relling og Otnes 2000).

Fem vassdrag i Sande har vore undersøkt i samband med fylkesmannen si overvaking av landbrukspåverka vassdrag (Sandangerelva, Myklebustelva, Vågselva i Gursken, Daleelva og Vågselva på Sandsøya). Sandangerelva i Gjerdsvik, Vågselva på Sandsøya og Daleelva på Larsnes framviste dårlige tilhøve (Otnes 2000a, 2000b).

### 1.4.6 Avl og foredling

Moderne avlsarbeid har resultert i større og meir produktive dyr, og det er i dag ikkje lønnsamt å nytte dei gamle husdyrrasane. Både her i Noreg og i mange andre land har mange av dei gamle rasane forsvunne, og mange finst i dag i berre svært små populasjonar (Norsk Landbruksmuseum 2006, Norsk genressursråd 2006).

Gamle husdyrrasar utgjer ein ofte oversett del av det biologiske mangfaldet (Jordal og Gaarder 1998a). Den arvelege eller genetiske variasjonen hjå dei gamle husdyrrasane er grunnlaget for alt avlsarbeid. Dei gamle husdyrrasane har andre arveanlegg (gener) enn dei moderne rasane, og av di tapte gener aldri kan gjenskapast bør vi ta vare på dei. Dei gamle husdyrrasane kan vere berarar av eigenskapar som ikkje er viktige i dag, men som kan verte viktige i framtida m.a. av di dei er særleg tilpassa dei lokale klima- og naturtilhøva (Jordal og Gaarder 1998a, Norsk genressursråd 2005). I Møre og Romsdal kan ein nemne utegangarsau (villsau, steinaldersau), utegangargeit (villgeit, kystgeit) og gråkolle (vestlandsfe) (Jordal og Gaarder 1998).

På eit anna område kan utvikling av genmodifiserte produkt som t.d. sprøytemiddel- og insektsresistente plantar på kort sikt redusere bruken av sprøytemiddel, men dei langsikte økologiske konsekvensane er usikre (Bioteknologinemda 2006).

**Boks 3:** Utgangarsau og utegangargeit i Sande (Henta frå Jordal og Gaarder 1998a)

Utegangarsau og utegangargeit har eigenskapar som gjer dei skikka til å greie seg sjølve ute heile året på den snøfattigaste delen av kysten. På grunn av ekstensiv drift er dei særleg høvelege til å bevare tradisjonelle beiteområde på kysten som elles vil gro att.

**Utegangarsau**

Det vart i 1991 sett ut 12 utegangarsauer på Riste. Denne flokken vart auka til 98 vinteren 1998/99.

**Utegangargeit**

Det er i dag 35-40 utegangargeiter på Sandsøya, og det er planar om å sette ut på Riste. På Sandsøya i Sande har det vore mange gardar med geit. Her var geitene relativt tamme fordi det var vanleg å fore dei inn om natta vinterstid og fordi kjea vart haldne i hus den første tida. Midt på 50-talet opphøyrd drifta. Nokre få av dei villaste dyra vart aldri fanga og gjekk att kring Dollsteinen. Rundt 1970 var det knapt 20 dyr, seinare har det vore under 10 dyr etter ein snøvinter på 70-talet. No er talet 35-40 dyr. Det har skilt seg ut ein bukkeklokk som hovudsakleg held til på nordsida. Det er ikkje kjent at geitene på Sandsøya er oppblanda med mjølkegeit. Dette er truleg den mest opprinnelige stammen av utegangargeit i Møre og Romsdal. Difor kan denne stammen ha nasjonal verdi som ein genetisk ressurs.

#### 1.4.7 Klimaendringar

Klimaet på jorda har alltid vore i endring. Mange klimatiske endringar har naturlege årsaker, men andre er i dag truleg grunna menneskeleg aktivitet ved at vi endrar mengda av visse gassar i atmosfæren og dermed påverkar strålingsbalansen og atmosfæren sin tilstand (UNEP og WCMC 2006).

Slike endringar kan få store negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Heile økosystem kan endrast grunna klimaendringar. Mange artar er tilpassa heilt spesielle klimatiske forhold, og ein klimaendring kan såleis ha ein stor negativ innverknad på ei rekke levande organismar (UNEP and WCMC 2006).

I Noreg må syner prognosar at det vil verte meir nedbør, særleg på Vestlandet og i Nord-Noreg. Temperaturen vil truleg stige over heile landet, men mest i Nord-Noreg. Stormar vil verte meir vanleg, og då mest på kysten av Møre og Trøndelag (Cicero 2006).

For artane i Noreg vil verknadene vere størst for dei artane som har grense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har si sørlege grense i Noreg kan få leveområda reduserte ved at artane vert pressa til kaldare område i fjella eller nordover. Artar som har si nordlege grense i Noreg, t.d. mange varmekjære plantar, vil kunne få ei større utbreiing (Cicero 2006)

## 1.5 Internasjonale konvensjonar

I tillegg til det generelle internasjonale miljøvernksamarbeidet er Noreg også part i ei rekke internasjonale avtalar og konvensjonar knytt til biologisk mangfald (Tabell 1).

**Tabell 1:** Internasjonale avtalar og konvensjonar knytt til biologisk mangfald som Noreg er part i. Merk at konvensjonane i daglegtale ofte vert omtala etter kvar dei vart inngått (Kjelde: Miljøstatus i Norge 2006).

Konvensjon	Opphav
<b>Bernkonvensjonen:</b> Konvensjon om vern av ville europeiske plantar og dyr og deira naturlege leveområde	Bern, 1979
<b>Biologisk mangfald:</b> Konvensjon om biologisk mangfald	Rio de Janeiro, 1992
<b>Bonnkonvensjonen:</b> Konvensjon om trekkande artar av ville dyr	Bonn, 1979
<b>CITES:</b> Konvensjon om internasjonal handel med truga plante- og dyreartar	Bonn, 1979
<b>Flaggermusavtalen:</b> Avtale om bevaring av flaggermus i Europa	London, 1991
<b>Isbjørnavtalen:</b> Avtale om vern av isbjørn	Oslo, 1973
<b>Laksekonvensjonen:</b> Konvensjon om vern av laks i det nordlege Atlanterhavet	Reykjavik, 1982
<b>Ramsarkonvensjonen:</b> Konvensjon om vern av våtmarksområde av internasjonal betydning, særleg som tilhaldsstad for vassfuglar	Ramsar, Iran, 1971

### Rio-konvensjonen om biologisk mangfald

Konvensjonen om biologisk mangfald, kort kalla Rio-konvensjonen, vart underteikna av over 150 land under "Earth Summit", FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro i 1992, og trådte i kraft som internasjonal lov 29. desember 1993. Per mars 2002 er 183 nasjonar tilslutta Rio-konvensjonen (168 har underteikna avtalen) (CBD 2006), men land som USA og Thailand står utanfor.

Tilslutning til konvensjonen om biologisk mangfald medfører eit nasjonalt ansvar for å:

- Verne biologisk mangfald
  - Sikre ein berekraftig bruk av mangfaldet og
  - Arbeide for ei rettferdig fordeling av gode frå bruk av genetiske ressursar
- (CBD 1992: Artikkel 1)

### Nasjonal oppfølging av Rio-konvensjonen

*"Alle kommuner skal kartlegge sitt biologiske mangfold. Målet er at kommunene skal ta hensyn til det biologiske mangfoldet gjennom kommuneplanleggingen."*

Børge Brende, tidl. miljøvernminister i Noreg, til Dagbladet (Brende 2002)

Noreg ratifiserte konvensjonen om biologisk mangfald 9. juli 1993, etter at den var teken opp til politisk handsaming gjennom St. prp. nr. 56 (1992-93) (UD 1993). Dermed har Noreg forplikta seg til m.a. å få oversikt over den nasjonale tilstanden, overvake den og drive regelmessig rapportering (CBD 1992, MD 1998a).

Nedanfor er ulike stortingsmeldingar følgjer opp Rio-konvensjonen (Boks 4). Teksten er utdrag frå dei respektive stortingsmeldingane om ikkje anna er nemnt.

**Boks 4:** Sande kommune, Lokal Agenda 21 (LA21) og det biologiske mangfaldet

I tillegg til konvensjonen om biologisk mangfold var eit av resultata frå FN-konferansen om miljø og utvikling i 1992 Agenda 21, ein handlingsplan for ei berekraftig utvikling i det 21. århundrede. Ei av tilrådingane i denne handlingsplanen (kapittel 28) er at lokale styresmakter skal gå saman med innbyggjarane og lage ein lokal implementering av Agenda 21 – LA21 (Prosus 2006).

I arbeidet med LA21 spelar omsynet til det biologiske mangfaldet ei viktig rolle, og ein tenkjer seg ofte at det å ta vare på det biologiske mangfaldet er ein av komponentane som inngår i ei berekraftig utvikling.

I Noreg vart det i 1998 arrangert Landskonferansen for Lokal Agenda 21. Fredrikstaderklæringen, eit resultat av denne konferansen, er en invitasjon til alle kommuner, lokalsamfunn og organisasjoner om å gjere ein innsats for ei berekraftig utvikling (MD 1998b). I punkt 5e heiter det at ”...*innsatsen særleg skal rette seg mot å sikre en lokal ressursforvaltning som både bevarer det biologiske mangfoldet og gir grunnlag for livskraftige lokalsamfunn.*” (Prosus 2006).

Sidan starten i 1998 har til no 267 kommuner (pr. 09.05.2002), samt ei rekke andre organisasjoner i Noreg slutta seg til Fredrikstaderklæringa om LA21 (Prosus 2006). Sande kommune har starta opp LA21-prosessen og slutta seg til Fredrikstaderklæringa (Sande kommunestyre 2001). På den måten har Sande kommune vist at dei tek utfordringane om å skape ei meir berekraftig utvikling, og dermed også om å ta vare på det biologiske mangfaldet, på alvor.

**St. meld. Nr. 29 (1996-97) - Regional planlegging og arealpolitikk**

Regjeringa markerer i denne meldinga at biologisk mangfold skal tilleggast større vekt i den regionale planlegginga, samt at føre-var-prinsippet må leggast til grunn for arbeidet med å ta vare på det biologiske mangfaldet.

Områdeforvaltning etter naturvernlova og arealplanlegging etter plan- og bygningsloven (Pbl) er viktig for forvaltninga av det biologiske mangfaldet i Noreg. Det gjer at kommunene har ei nøkkelrolle i dette arbeidet gjennom sitt ansvar for arealplanlegginga etter Pbl. Det er viktig at avgjerdslar vert fatta ut frå kunnskap om lokale verdiar av mangfaldet, samt at regionale og nasjonale omsyn vert tillagt tilbørleg vekt.

Regjeringa ynskjer difor å effektivisere planprosessen ved ei spesiell satsing for å styrke vedtakssgrunnlaget for kommunene si arealplanlegging når det gjeld biologisk mangfold. Satsinga vil fokusere på naudsynt informasjon for betre forvaltning av det biologiske mangfaldet.

**St meld. Nr. 58 (1996-97) - Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling**

I samsvar med forpliktingane i Konvensjonen om biologisk mangfold er det Regjeringa sin målsetnad ”...å bevare mangfoldet og sikre dets fortsatte utviklingsmuligheter. Verdiene som framkommer gjennom samspillet mellom samfunn og biologisk mangfold skal realiseres til beste for samfunnet, samtidig som kostnadene, f.eks. ved iverksetting av særskilte tiltak, skal fordeles rettferdig.” (MD 1997b: kap. 5.1.)

Regjeringa vil vidare styrke vedtakssgrunnlaget om det biologiske mangfaldet for å sikre ei effektiv og økologisk forsvarleg utvikling av samfunnet. M.a. vil regjeringa gjennomføre eit femårig statlig-kommunalt utviklingsprogram som vil bidra til at alle nivå, frå lokalt via regionalt til nasjonalt, og alle relevante sektorer, får et betre vedtakssgrunnlag for å forvalte mangfaldet, og vil dermed også bidra til at de ulike nivåa kan vidareutvikle sitt ansvar i forhold til biologisk mangfold. Utviklingsprogrammet har følgjande fasar:

- Identifisering av nasjonalt, regionalt og lokalt kunnskapsbehov og eksisterande informasjonstilfang
- Kartlegging og verdiklassifisering av biologisk mangfold
- Etablering av et nasjonalt overvakingsprogram for biologisk mangfold.

### **St. meld. Nr. 8 (1999-2000) og 24 (2000-2001) - Regjeringens miljøvernopolikk og rikets miljøtilstand**

Det er regjeringa sitt strategiske mål at naturen skal forvaltast slik at naturleg førekommende artar som sikrast i levedyktige populasjoner og slik at variasjonen av naturtypar og landskap oppretthaldast og gjer det mogleg å sikre det biologiske mangfaldet utviklingsmoglegheiter også i framtida.

Dei nasjonale resultatmåla er:

- Et representativt utval av norsk natur skal vernast for komande generasjoner
- I trua naturtypar skal ein unngå inngrep, og i omsynskrevjande naturtypar skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast
- Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfold og tilgjenge oppretthaldast
- Hausting og anna bruk av levende ressursar skal ikkje føre til at artar eller populasjoner vert utrydda eller truga
- Menneskeskapt spreiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosistema skal ikkje skade eller avgrense økosistema sin funksjon
- Trua artar skal oppretthaldast på eller gjenoppbyggast til livskraftige nivå

### **St meld. Nr. 42 (2000-2001) - Biologisk mangfold – Sektoransvar og samordning**

Regjeringa sin hovudkonklusjon i meldinga er at det må etablerast eit nytt, kunnskapsbasert forvaltingssystem. Tre innsatsområde på tvers av sektorane er svært viktige for å sikre at verdiane det biologiske mangfaldet representerar vert ivareteke. Regjeringa vil særleg prioritere desse innsatsområda for åra 2001-2005:

- Nasjonalt program for kartlegging og overvaking
- Samordning av juridiske og økonomiske verkemiddel
- Informasjon, forsking og kompetanse

## **1.6 Vern av biologisk mangfold i kommunene**

Om lag 7,5 % av fastlandsarealet i Noreg er verna (MD 2001a). Når barskogplanen, nasjonalparkplanen og dei fylkesvise verneplanane er gjennomførde innan 2008 vil om lag 13 % av fastlandsarealet vere verna (MD 1998a, 1999, 2001a).

Heilt eller delvis innanfor Sande kommune sine grenser er det pr. 01.01.03 3 permanente verneområde, samt 1 område med artsvern etter naturvernlova. For meir detaljar om desse, sjå kapittel 4. Det samla arealet til dei 3 permanent verna områda er 1089 daa, eller 1,2 % av kommunen sitt totale areal. Det er i dag Fylkesmannen som har forvaltningsansvaret for verneområda, men dette ansvaret kan på sikt gradvis overførast til kommunen.

På dei resterande 98,8 % av arealet i Sande kommune er landbruket og kommunen viktige aktørar. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi den er ansvarleg for ei samla og langsigktig arealdisponering (MD 1997a). I tillegg kan den ekspropriere, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, rettleiing og informasjon.

Dei lokalitetane som ikkje er verna etter naturvernlova må fyrst og fremst den kommunale arealforvaltninga ta vare på gjennom bruk av Plan- og bygningsloven (PBL) (MD 1996, 1999). I

arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald (MD 1997a, Brende 2002). Difor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit betre grunnlag for a vise miljøansvar når avgjerdssler om utnytting av naturområder skal takast.

### **1.6.1 Aktiv sikring**

Kommunane har dei juridiske verkemidla som trengst for å verne viktige område, men tradisjonelt har evna og viljen til å nytte desse vore lita (Støen 1995). Det viktigaste verktyet for sikring av naturverdiar er ein aktiv bruk av PBL. Område med lokal eller regional verdi fell vanlegvis utanfor dei nasjonale verneplanane og vert difor kommunane sitt ansvar (Hågvar 1995c). Hovudårsaka til at PBL nyttast så sjeldan, og då særleg §25-6 for regulering til spesialområde naturvern, er ei frykt for å påføre kommunen eit erstatningsansvar ovanfor grunneigarar og rettigkeitshaverar (Røhnbæk 1995).

### **1.6.2 Passiv sikring**

Kommunen kan styre unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal bygge ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør då velje det som har minst negativ innverknad for det biologiske mangfaldet. Viktige område for biologisk mangfald skal vere retningsgjevande for planlegginga i kommunane (MD 1997a).

### **1.6.3 Grunneigaravtalar**

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er lav og at ein unngår erstatningskrav. Men slike avtalar er ikkje juridisk bindande og gjev inga forsikring mot negative endringar. På lang sikt er avtalane usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår (Hågvar 1995c).

### **1.6.4 Verkemiddel i jordbruket**

Stortingsmelding nr. 29 (1996-97) (MD 1997a) vektlegg at ein ytterlegare reduksjon av mangfaldet i jordbrukslandskapet kan stoppast med ein medvitn bruk av tilskotsordningane ein har i dag. Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg er det ikkje høve til å foreta større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. Dette er tatt inn i § 3 i Forskrift om produksjonstillegg i landbruket, men kommunen kan gjere unntak frå krava (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2000a, 2006). I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t.d. skjøtsel og gjenskaping av kantsoner langs bekkar og vassdrag (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2000a).

## 2 Materiale og metodar

### 2.1 Naturypekartlegging

Metoden for kartlegginga tek utgangspunkt i DN handbok 13-1999 (DN 1999a) som legg opp til ein trinnvis prosess for å auke kommunen sitt kunnskapsnivå. Ansvaret for førebuing og gjennomføring er delt og meint som eit samarbeid mellom Sande kommune og FM. Kommunen har sjølv ansvaret for kartlegginga og også ansvar for å lage kart. FM gjev tilskot og har i tillegg eit veileddingsansvar overfor kommunene. FM utarbeidar ein såkalla "startpakke" som er tilrettelagde data for den enkelte kommune. FM har også ansvar for kvalitetssikring av data som leggast inn i Naturbasen (DN 2006d).

### 2.2 Viltkartlegging

Denne viltkartlegginga er eit supplement til og ei oppdatering av eksisterande viltkartlegging, då det er naturleg å vidareføre viltområdekartlegginga i samband med den kommunale kartlegginga av biologisk mangfald (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2001). Viltbasen og viltkartet for Sande kommune inneheld mykje gammal og til dels feilaktig informasjon og treng difor å oppdaterast. Denne viltkartlegginga er eit samarbeid mellom Sande kommune og FM, der Sande kommune har teke initiativ for kartleggingsarbeidet, og FM har gjeve tilskot og veileda kommunen i arbeidet.


Metoden for kartlegginga tek utgangspunkt i DN handbok 11-2000 (DN 2000) om viltkartlegging. Kartleggingsarbeidet hadde eit spesielt fokus på raudlisteartar sidan dette er eit sentralt element også i kartlegging av viktige naturtypar etter DN-handbok 13-1999 (1999a). Ein kan tydeleg sjå at desse to innfallsvinklane til biologisk mangfald på mange område overlappar, og under arbeidet med å kartlegge viktige naturtypar kom det klart fram kor viktig det er å sjå vilt- og naturypekartlegging i samanheng. Enkelte område som utan tvil er svært viktig for det biologiske mangfaldet vart ikkje fanga opp av metodikken til naturypekartlegginga (DN 1999a) og må difor fangast opp av viltkartlegginga (DN 2000).

### 2.3 Arbeidsprosess

Figur 2 illustrerer korleis kartlegginga av naturtypar og viktige viltområde i Sande kommune er gjennomført. Vidareføring av dette arbeidet, t.d. informasjon til grunneigarar og interesserte, samt oppdatering og oppfølgande arbeid (sjå kapittel 7) må kommunen arbeide vidare med etter at denne rapporten er ferdig.

### 2.4 Definisjonar av omgrep

Omgrepa nytta i kartlegginga av naturtypar og viltområde som er verdufulle for det biologiske mangfaldet baserer seg på praksis hjå Direktoratet for Naturforvaltning (DN 1999a, DN 1999c, DN 2000). Nedanfor er nokre av dei mest sentrale omgrepa nytta i dette arbeidet definert og utdjupa.



**Figur 2:** Skjematisk modell over arbeidsprosessen ved kartlegging av biologisk mangfold (viktige naturtypar og viktige viltområde) i Sande kommune.

## Naturtypar

Omgrepet naturtype er i DN-handbok 13-1999 definert som: "En ensartet, avgrenset enhet i naturen som omfatter plante- og dyreliv og miljøfaktorer." (DN 1999a: Vedlegg 5). DN-handbok 13-1999 omtalar ikkje alle naturtypar, men opererer med omgrepet prioriterte naturtypar som er naturtypar som på ein eller annan måte er viktige i biologisk mangfold-samanheng (sjå DN 1999a: 3.1.1). Mange av dei prioriterte naturtypene er truga og står i fare for å forsvinne (Fremstad og Moen 2001, MD 1999, DN 2002e, 2002f).

## Raudlister

Ei raudliste er ein oversikt over plante- og dyreartar som på ein eller annan måte er truga av utrydding eller er utsett for markant reduksjon. Raudlister omfattar ikkje berre artar som går attende i dag, men også artar som er i framgang frå ein tidlegare sterkt redusert populasjon, samt naturleg sjeldne artar som er sårbar for menneskeleg aktivitet (DN 1999b). Artane er ordna i kategori etter kor truga dei er (Tabell 2).

**Tabell 2:** Den noverande norske raudlista sine kategoriar for kor truga organismar er (Kjelde: DN 1999b).

<b>Utrydda Ex</b> (Extinct)	Artar som er utrydda som reproduserande i Noreg. Det vil vanlegvis omfatte artar som er forsvunne for meir enn 50 år sidan. Ex? angjev artar som er forsvunne for mindre enn 50 år sidan.
<b>Direkte truga E</b> (Endangered)	Artar som er direkte truga og som står i fare for å døy ut i nærmeste framtid dersom dei negative faktorane fortset å verke.
<b>Sårbar V</b> (Vulnerable)	Sårbare artar med sterkt tilbakegong som kan gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative faktorane fortset å verke.
<b>Sjeldan R</b> (Rare)	Sjeldne artar som ikkje er direkte truga eller sårbar, men som likevel er i ein utsett situasjon grunna små populasjonar eller med spreidd og sparsam utbreiing.
<b>Hensynskrevjande DC</b> (Declining, care demanding species)	Hensynskrevjande artar som ikkje hører til kategori E, V eller R, men som grunna tilbakegong krev spesielle omsyn og tiltak.
<b>Bør overvakast DM</b> (Declining, monitor species)	Kategorien omfattar artar som har gått attende, men som ikkje reknast som truga. For desse artane er det grunn til overvakning av situasjonen.

Det er gjeve ut to nasjonale raudlister (DN 1992, 1999b), samt to regionalt tilpassa nasjonale raudlister for Møre og Romsdal (Jordal og Gaarder 1998b, Gaarder og Jordal 2001). Vedlegg 2 gjev ei oversikt over nasjonalt raudlista artar som er registrerte i Sande kommune.

Det er også gjeve ut ei regional raudliste for Møre og Romsdal (Gaarder og Jordal 2003). Denne gjev ei oversikt over kva planteartar i Møre og Romsdal som er sjeldne og/eller truga og som difor bør viast spesiell merksemeld i arealforvaltninga.

Ei tredje og oppdatert raudliste er venta å komme ut i løpet av hausten 2006, men denne er p.t. ikkje tilgjengelig. Det er venta vesentlige endringar i kategoriar og artar som er med i denne reviderte lista.

## Signalartar (indikatorartar)

Ein signalart er ein art som på grunn av strenge krav til miljøet berre er til stades der ein har visse kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan på denne måten gje informasjon om staden dei lever på (Haugset et al. 1996, Nitare 2000).

## Ansvarsartar

Ansvarsartar er ingen eigen kategori i raudlista, men er meint som eit supplement. Lista over ansvarsartar skal dekke artar som m.a. har ein relativt stor andel av totalpopulasjonen innanfor Noreg sine grenser og som Noreg difor har eit spesielt stort ansvar for å forvalte (DN 1999b).

Nasjonal raudliste for trua artar i Noreg (DN 1999b) definerer ansvarsartar ut frå følgjande kriterier:

- Endemiske artar for Noreg eller Norden
- Artar som førekjem med minst 25% av den europeiske populasjonen i Noreg
- Artar som er omfatta av europeiske eller globale raudlister

Oversikt over nasjonale ansvarsartar finn ein i nasjonal raudliste (DN1999b), i regionalt tilpassa nasjonal raudliste for Møre og Romsdal (Gaarder og Jordal 2001) og i regional raudliste for Møre og Romsdal (Gaarder og Jordal 2003).

### Funksjonsområde

Viltkartlegginga er bygd opp kring den enkelte art sitt leveområde, her kalt funksjonsområde. Med funksjonsområde meinast ein art sin bruk av eit område (DN 2000). I viltkartlegginga nyttast dette omgrepet for å skildre kva for type leveområde som er kartlagt, t.d:

- Beiteområde
- Yngleområde
- Rastepllass
- Spelpllass
- Trekkveg

## 2.5 Innsamling av materiale

Tre ulike datakjelder vart nytta under kartleggingsarbeidet:

- Intervju av ressurspersonar med viltkunnskap
- Litteratursøk
- Feltundersøkingar

For å innhente informasjon om naturforholda i Sande kommune er det søkt i ulike databasar. Av dei ulike databasane var databasen over litteratur om naturen i Møre og Romsdal (Jordal og Gaarder 2001) den klart beste, og ved søk på Sande var det 368 treff (Vedlegg 2). Andre nyttige databasar var sopp- og lavdatabasane (Botanisk Museum 2006a, 2006b), Sommarfugldatabasen (2006) og Bibsys (2006), sjølv om det her var mindre å hente. I tillegg er fleire typar kart nytta, m.a ØK, M711 (UTM (EUREF89/ WGS84), N50 digitalt vektorkart, raster av N250 berggrunnskart, samt 1:250 000 kvartærgelogisk kart.

Lokale ressurspersonar, naturinteresserte og grunneigarar har vore kontakta i samband med kartlegging av lokalitetar.

Det vart av underteikna føreteke feltarbeid sommar, haust og vinter 2003 og 2004. Målet med besøk av potensielle lokalitetar var å:

- Fastslå om forholda framleis er slik dei har vorte skildra i eventuell litteratur, samt å vurdere korleis lokalitetane kan innarbeidast i metodikken til DN-handbok 13-1999 (1999a) og DN handbok 11-2000 (DN 2000)
- Registrere nye lokalitetar etter DN-handbok 13-1999 (1999a) og DN handbok 11-2000 (DN 2000)
- Avgrense alle potensielle lokalitetar
- Dokumentere spesielle funn med herbariebelegg eller digitale foto

Til identifisering av karplantar er Lid og Lid 1998 nytta, og namnsetjinga følgjer denne. Identifisering av lav er gjort ved hjelp av Krog *et al.* (1994), og namnsetjing følgjer arbeidet til den norske namnekomiteen (Botanisk Museum 1997). Namnsetjing av fugl følgjer Gjershaug *et al.* (1994). Elles er namngjevinga i eksisterande litteratur gjennomgående nytta.

Det visast til kapittel 8 for ei komplett liste over skriftlege og elektroniske, samt muntlege kjelder nytta i dette arbeidet.

## 2.6 Kartfesting og kartgrunnlag

Kartfesting og avgrensing er gjort i felt med utgangspunkt i eventuell eksisterande litteratur. Avgrensing av lokalitetane er gjort på manuskart som er printa ut frå ØK-raster (målestokk 1:5 000). Vidare er UTM-koordinatar oppført på faktaarka. UTM-koordinatane er så langt mogleg oppgjeve i den nye norske UTM-standarden EUREF89/ WGS84 (blått rutenett i M711-serien), men enkelte eldre kartfestingar er oppgjeve i den gamle UTM-standarden ED50 (svart rutenett i M711-serien).

Avgrensing er gjort med størst mogleg presisjon etter skjønn, men av di det i dei fleste tilfella er snakk om lokalitetar utan ei absolutt grense må avgrensingane uansett sjåast på som rettleiande. Avgrensing av viltområde er ofte gjort i meir eller mindre kontinuerlige naturtypar, og viltartane nyttar totalt sett mykje større område enn det som er avgrensa på kart. Avgrensinga tyder difor ikkje at arten ikkje nyttar område utanfor områdeavgrensinga, men at arten nyttar områda innanfor meir enn utanfor.

## 2.7 Eigenskapsdata

Informasjon om lokalitetane med tilhøyrande metadata er bygd opp etter excel-mal oversendt fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetane i eigenskapstabellen er gjeve ein unik ID som samsvarar med ID til tilhøyrande digitaliserte kartobjekt. Hekkelokalitetar som er med i denne kartleggiga er i tillegg oppgjeve med punktkoordinatar.

## 2.8 Kriterier for utvalg, verdsetjing og prioritering av lokalitetane

### Naturtypekartlegging

For å lette innarbeidninga i arealforvaltninga er lokalitetane verdsett etter kor viktige dei er for det biologiske mangfaldet (DN 1999a). Metoden for verdsetjing følgjer DN-håndbok 13-1999 (DN 1999a: kap 6), brev frå DN (1999c) om registrering av lokalitetar med lokal verdi, samt fylkestilpassa faktaark for Møre og Romsdal (Gårder *et al.* 2001). Dei aktuelle verdiane etter denne metodikken vert:

**A - Svært viktig.** Område av regional og nasjonal (evt. internasjonal) verdi

**B - Viktig.** Område av lokal og delvis regional verdi

**C - Lokalt viktig.** Område av lokal verdi

Alle naturtypene som vert skildra i håndboka er viktige for biologisk mangfald. For arealforvaltninga er det derimot viktig med ei prioritering både innan ein naturtype og mellom naturtypar. Som kriterier for ei rangering av lokalitetane innan ein naturtype er desse eigenskapane lagt til grunn:

- Størrelse
- Kor velutvikla dei er
- Grad av tekniske inngrep
- Forkomst av raudlisteartar og signalartar (indikatorartar)
- Kontinuitet

- Nasjonalt eller regionalt sjeldne utformingar

Signalartar nytta i verdsettinga av lokalitetane følgjer Gårder *et al.* (2001), Nitare (2000) og Haugset *et al.* (1996). Opplysningar om forkomst av raudlista organismar er teke inn i avgrensa naturtypar der desse gjennom kjelder og undersøkingar har vore moglege å lokalisere. Forkomst av raudlisteartar i ein lokalitet gjev den verdien svært viktig (A) eller viktig (B) avhengig av raudlistekategori der raudlisteartar er kriterium for avgrensing og prioritering. Etter DN-handbok 13-1999 (1999a) gjev kategoriane E, V eller R verdien svært viktig (A), mens DC eller DM gjev verdien viktig (B), men her vert Gaarder *et al.* (2001) fylgt der desse har laga ei regional tilpassing som skil seg frå DN-handbok 13-1999.

**Boks 6:** Døme på verdsetting av naturtypar i Sande

Metodikken til DN-handboka (1999a) er meint å fange opp det spesielle, ikkje det vanlege, og fokus er difor på naturtypar som er sjeldne eller som har gått attende. Dette arbeidet registrerer difor ikkje alle kulturmarkene i Sande, berre dei artsrike, godt skjøtta kulturmarkene. Vidare vert ikkje fattig blåbær-bjørkeskog kartlagt, mens edellauvskog vert kartlagt. Av edellauvskog er dei mest artsrike og største forekomstane av størst interesse. Eit lite hasselkratt kan difor få verdien lokalt viktig (C) mens ein større skog med hassel og alm, samt mange signalartar kan få verdien viktig (B) eller svært viktig (A).

Dette vil ikkje sei at naturtypane som ikkje er kartlagde ikkje er viktige, men at metodikken nytta i dette arbeidet prøver å fange opp dei naturtypane som er sjeldnast, eller som står i størst fare for å forsvinne.

## Viltkartlegging

Utvalet av artar, artsgrupper og funksjonsområde som er aktuelle i samband med viltkartlegginga er basert på nasjonale vurderingar av DN, og lokale tilpasningar av kommunen i samråd med FM. Utvalskriteria er basert på:

- Trua og sårbare artar
- Ansvarsartar
- Artar/ funksjonsområde med konfliktpotensiale
- Alminnelege jaktbare artar
- Lokale vurderinger

Dei ulike artane sine funksjonsområde er i metodikken i DN handbok 11-2000 (DN 2000) verdsett med vekttall som samanstiller 1) arten sin verdi og status, 2) funksjonsområdets betydning og 3) trusselnivå mot arten sitt funksjonsområde. For lokalitetar der det førekjem kartleggingsartar er vektene av funksjonsområda summert og delt inn i vektsumklasser etter metodikken i DN handbok 11-2000. Dette gav eit vektsumkart over prioriterte viltområde. Ulike metodar for vektsummering og verdsetting kan nyttast (jamf. DN handbok 11-2000), men vektsummane er i dette arbeidet delt inn i vektsumklasser som representerar verdsetting på følgande måte:

Verdsetting	Vektsum
Registrerte viltområde	1
Viktige viltområde	2 - 3
Svært viktige viltområde	> 3

I tillegg vart det for alle lokalitetane føreteke ein manuell vurdering for å avgjere om det var naudsynt med ein sluttkorreksjon av verdsettinga basert på fagleg innsikt (inkludert omsynet til sårbare artar).

## Uprioriterte, uteletne og ikkje-oppsøkte lokalitetar

Ei oversikt over uprioriterte, uteletne og ikkje oppsøkte lokalitetar er gjeve i kapittel 6.2. Grunnar til at ein lokalitet ikkje er teke med kan vere:

- Det er ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar
- DN-metodikken i DN-handbok 13-1999 (1999a) klarar ikkje å verdsette ein lokalitet sjølv om den heilt klart er viktig for det biologiske mangfaldet. Slike lokalitetar må difor fangast opp gjennom andre kartleggingar, t.d. gjennom viltkartlegginga
- Lokaliteten er ikkje oppsøkt i denne omgong

Vidare burde enkelte lokalitetar ha vore undersøkt nærmare for særskilde organismegrupper. Desse har i dette arbeidet fått ein føreløpig verdi, men med kommentar om at verdien kan vere aktuell å endre etter nærmare undersøkingar. I kapittel 7 er det gjeve tilrådingar for vidare arbeid.


### **Avvik frå metodikken**

Eit av problema med DN-handbok 13-1999 (DN 1999a) er at den prøver å famne heile landet. I dei fylkestilpassa faktaarka (Gaarder *et al.* 2001) er det gjort lokale tilpassingar av verdettingskriteria for å skilje betre mellom lokalitetane, særleg for naturtypane naturbeitemark og rik edellauvskog. Der det er konflikt mellom DN-handbok 13-1999 (DN 1999a) og dei fylkestilpassa faktaarka (Gaarder *et al.* 2001) følgjer dette arbeidet sistnemnde.

Det er i dei fylkestilpassa faktaarka (Gaarder *et al.* 2001) skilt ut naturtypar for Møre og Romsdal (t.d. nordvendte kystberg) som ikkje er eigne naturtypar etter DN-handbok 13-1999 (DN 1999a). Desse vert ført under "Andre viktige førekommstar". Nokre naturtypar er i dei fylkestilpassa faktaarka (Gaarder *et al.* 2001) slått i saman (t.d. sandstrender og sanddyner).

### 3 Naturgrunnlaget i Sande kommune

Sande har om lag 2 576 innbyggjarar (per 1.1.2005) og eit areal på 91 km<sup>2</sup> (Statistisk sentralbyrå 2006). Sande kommune ligg i Møre og Romsdal fylke og grensar mot Herøy kommune (1515) i nord og aust, Vanylven kommune (1511) i sør og Selje kommune (1441), Sogn og Fjordane fylke, i sør (Figur 3).



Figur 3: Kart over Sande kommune, Møre og Romsdal (Kartgrunnlag: NVE 2005).


#### 3.1 Landskap

Sande ligg i den sørvestlegaste delen av Sunnmøre, og er ei øykommune heilt ute i havgapet. Største og innerste øya er Gurskøy med ei flatevidd på 137 km<sup>2</sup>, og denne er delt mellom Sande og Herøy kommuner. Høgaste fjelltoppen på Gurskøya som hører til Sande kommune er Storetua (592 moh). Største øya som heilt hører til Sande er Sandsøya med ei flatevidd på 11,9 km<sup>2</sup>. Høgste toppen på øya er 360 moh, og Dollsteinen på vestsida av øya er 227 moh. Aust for Sandsøya ligg den låglendte Voksa med holmar ikring. Sør for Sandsøya ligg Kvamsøya med ei flatevidd på 7,8 km<sup>2</sup> og det 289 m høge Nonshornet som det høgaste punktet. Nordvest for Kvamsøya ligg den vesle øya Riste, og mot sør småøyane Storholmen, Haugsholmen og fleire andre holmar og skjer (Rabben 1978).

Sande kommune har eit variert landskap frå ytre eksponert kyst med grunnar, holmar og skjer, via berg, og strandenger, heier, jordbrukslandskap, myr, skog og til relativt alpine fjelltoppar. Dei fleste landskapsformene i Sande er hovedsakleg skapt under dei siste istidene, og ei detaljert skildring av denne er gjeve i Folkestad *et al.* (1994).

## 3.2 Berggrunn

Sande ligg i "Gneisregionen" og berggrunnen i Sande består hovudsakleg av næringsfattige og sure gneis-bergartar (NGU 2005). Gneis er hard, forvitrar seint og gjev eit litt surt jordsmonn. Gneisen er kompleks i samansettning, og alderen er omdiskutert (Holten *et al.* 1986a). På Voksa og på deler av Gurskøya og Sandsøya er det større forekomstar av amfibolitt og glimmerskifer (NGU 2005). Biotitt er interessant i botanisk samanheng, sidan denne inneheld ein del kalsium, og amfibolitt forvitrar ofte lett og gjev då eit godt substrat for plantevekst (Holten *et al.* 1986a). Sørvest på Gurskøy, Sørvest på Voksa og Nord på Sandsøya er det marmorforekomstar. Dette ser ein tydeleg på vegetasjon og planteliv med forekomstar av mange kalkkrevjande og regionalt sjeldne artar. På Gurskøya, nær grensa mot Herøy, er det førekommstar av oliven. Dette gjev gode vilkår for ein spesielle og relativt sjeldsynt olivenvegetasjon. Figur 4 syner utbreiinga av dei ulike bergartane i Sande. Meir detaljert informasjon finn ein på internett (digitalt N250 (raster og vektor), samt berggrunn-kartblaada Ulsteinvik og Florø (NGU 2005).



Figur 4: Berggrunnen i Sande kommune. Berggrunnskart N250 (vektor) (Kjelde: NGU 2005).

## 3.3 Lausmassar

I Sande varierer type og mengd av lausmassar mykje, med ein mosaikk mellom ulike typar lausmasser og bert fjell (Follestad *et al.* 1994). Lausmassane er i stor grad moreneavsetningar frå siste istida (Follestad *et al.* 1994). På strandflater og i dalbotnar er det relativt mykje lausmasser. Somme stadar er strandflata i Sande dekka av mektig lausmasse, hovudsakleg morenemateriale med ei "hud" av strandvaska materiale. Andre stadar er strandflata lite eller ikkje overdekka. Dette kjem an på kor eksponert strandflata er (Larsen og Longva 1994). I dalane i Sande finn ein elve- og

bekkeavsetnadar, samt moreneavsetnadar. Morenemasse finst i tillegg på dei slakke partia på fjella. I hei- og myrområde er det etter siste istid danna torv av varierande tjukkelse (Blikra *et al.* 1994).

### 3.4 Klima og biogeografi

Klimaet i Sande er oseanisk og har følgjende høg årsnedbør og vintertemperatur og liten temperaturskilnad mellom sommar og vinter (Fremstad 1997, Moen 1998). Tabell 3 syner meteorologiske data fra Sande - Larsnes. Om sommaren dominerer dei nordlege og nordvestlege vindane i Sande (sommarmonsunen), og om vinteren dominerer dei søraustlege (vintermonsunen) (Holten *et al.* 1986a).

**Tabell 3:** Meteorologiske data for Sande – Larsnes (St. nr. 59750). Normalar for temperatur (°C) og nedbør (mm) i perioden 1961-1990 (Kjelde: Meterologisk Institutt (udatert))

<b>Normalar for temperatur (°C)</b>													
H.o.h.	Jan.	Feb.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	I året
25	1,0	1,1	2,4	4,7	8,9	11,5	12,9	13,1	10,2	7,9	3,8	1,9	6,6
<b>Normalar for nedbør (mm)</b>													
H.o.h.	Jan.	Feb.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	I året
25	175	138	149	109	87	100	130	160	268	255	244	230	2045

Det er laga mange ulike system for klassifisering av korleis naturtilhøve varierer geografisk. Nordisk Råd har delt Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**, og her er Sande plassert i "Vestnorsk lystneregion", på grensa til regionen "Vestlandets lauv- og furuskogregion" (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1998a). Vidare har NIJOS delt kulturlandskapet i Noreg inn i **landskapsregionar**. Her ligg Sande i "Kystbygder på Vestlandet", på grensa til regionen "Ytre fjordbygder på Vestlandet" (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1998b). Ved inndeling i **vegetasjonsseksjonar** ligg Sande i "O3h – Sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon" og "O3t – Sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon". Desse underseksjonane er karakterisert av vestlege vegetasjonstypar og artar som er avhengige av fuktig luft, og av artar som er særleg frostømfintlege. Dei alpine sonene er artsfattige ved at dei manglar ei rekke fjellartar som krev stabile vinterforhold (Moen 1998). Deler ein vegetasjonen i Sande inn i vegetasjonssonene høyrer denne etter Moen (1998: 94) til boreonemoral og alpin sone, men vegetasjon i bakler og øvre lisider burde truleg vore karakterisert som sørboreal sone (Tabell 4).

**Tabell 4:** Oversikt og skildring av dei ulike vegetasjonssonene som Sande ligg i (Kjelde: Moen 1998).

<b>Vegetasjonssone</b>	<b>Skildring</b>
Boreonemoral sone	Edellauv- og barskogssone som dannar overgang mellom den nemoriale sona og dei typiske barskogområda. Edellauvskogar med eik, ask, alm, lind og hassel, samt andre varmekrevjande artar dominar i solvendte lier med godt jordsmonn. Bjørke-, gråor- eller barskog dominar resten av skoglandskapet.
Sørboreal sone	Sørleg barskogsone der barskog dominar, men der ein også finn oreskog og høgmyr, samt populasjonar av edellauvskog og tørrengvegetasjon. Typisk for sona er at ein finn sterkt innslag av artar som krev høg sommartemperatur.
Lav-, mellom- og høgalpin sone	Dei alpine sonene dekker areala over den klimatiske skoggrensa. Lavalpin sone er karakterisert av blåbærhei, erinerdvergbjørkkratt og vierkratt. Mellomalpin sone er dominert av grasheier og snøleier, mens høgalpin sone manglar samanhengande dekke av karplantar.

## 4 Naturvernområde i Sande kommune

Dette kapitlet tek føre seg områda i Sande som er verna i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 (naturvernlova). I tillegg har området rundt Storevik naturreservat dyrelivsfredning hjemla i naturvernlova (Boks 7). For ei generell innføring i vern av biologisk mangfald, sjå kapittel 1.6. Dei verna områda i Sande er:

- Sandsvågen naturreservat
- Storevik naturreservat
- Ristesundsanden naturreservat

I tillegg var Hallevatnet midlertidig verna, men det kom ikkje med i verneplanforslaget for hekkande sjøfugl og vernet er difor oppheva. Lokaliteten er ikkje teke med her, men kartlagt som naturtypelokalitet i kapittel 6 (lok. nr. 27).

Verneforskriftene er tilgjengelege elektronisk fra Lovdata sine nettsider (URL <http://www.lovdata.no> /for/lf/index-kommu.html). Kart, areal, nummer og skildring er tilgjengeleg på FM sine heimesider (URL: <http://www.fm-mr.stat.no/gislink/web-kart/hoved.htm>) og Naturbasen (URL: <http://dnweb5.dirnat.no/nbinnsyn/>), samt i utskrift frå utskrift frå gamle naturbasen (datert 15.04.1997) (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997). Der naturvernområda fell inn under naturtypelokalitetar skildra i kapittel 6 er det referert til tilhøyrande naturtypelokalitet i faktaboksen til naturvernområdet.

### Ristesundsanden naturresservat

<b>Ristesundsanden naturresservat</b>	
Dato: 08.11.2002 nr. 1233	Reservattype: Naturreservat - sanddyner med
Ikrafttredding: 08.11.2002	sørleg og varmekjær sanddynevegetasjon
UTM (EUREF89): LQ 115 037	Areal: 98 daa Naturtypelokalitet: 8

Svært eksponert og vegetasjonsfri ytre fin sandstrand som går over i fordiner, lyse dyner og etablerte dyner før dyrkamark. Bekkeutløp omrent midt i lokaliteten. Det er registrert 54 artar i området, mellom anna sjeldne sørlege sandstrandarter som marehalm, sandstorr og strandreddik.

Typelokalitet for sørleg og varmekjær sanddynevegetasjon, sørleg er den etablerte dyna utan kulturvårknad sjeldan. Området er verna som naturrervat i verneplan for havstrand og elveosl. Føremålet med vernet er å sikre eit relativt intakt sanddyneområde som ein typelokalitet for sørleg og varmekjær sanddynevegetasjon. Området er i tillegg del av eit større samanhengande beiteområde for sjøfugl og sjøpattedyr. KJELDER: Fylkesmannen i M&R rapp.1995:13, Økoforsk 1986:3B

### Storevik naturreservat

<b>Storevik naturreservat</b>	
Dato: 27.05.1988 nr. 380	Reservattype: Naturreservat - våtmark
Ikrafttredding: 27.05.1988	Areal: 348 daa
UTM (EUREF89): LQ 160-169 056-062	Naturtypelokalitet:

Områdeskildring: Marint gruntvassområde hovudsakleg på finsandsubstrat. Raste- og overvintringsplass. Vadefugl på strandområda på Vorasanden og sjøfugl spreidd i dei store gruntvassareala. 15 fuglartar av regional interesse og 4 artar av nasjonal interesse (2 hekkande). Området har blant dei største koncentrasjonane av overvintrande gråstrupedykkar i Norge. Det verna området har tilgrensande dyrelivsfredning (Storevik dyrelivsfredningsområde). Av botanisk interesse er store fjøresaltgrasenger. Det er og registrert sjeldne artar som bogestorr og saftmelde. Dei botaniske interessene er noko øydelagde av grøfting. KJELDER: Økoforsk 86:3, Fylkesmannen i M&R Verneframlegg våtmark 1982.

## Sandsvågen naturreservat

<b>Sandsvågen naturreservat</b>	
Dato: 27.05.1988 nr. 381	Reservattype: Naturreservat - våtmark
Ikrafttreding: 27.05.1988	Areal: 645 daa
UTM (EUREF89): LQ 16-17 07	Naturtypelokalitet: 17

Områdeskildring: Rastepplass og overvintringslokalitet. 7 fugleartar av regional, og 2 av nasjonal og 1 av internasjonal interesse. Viktigaste vinterbeite i fylket for songsvaner. Lokaliteten er prega av store tidevassareal med kvikkkleire. Gjennom ein smal tidevass-straum går sambandet til den ytre vågen og sjøen utafor. Lokaliteten ligg lett tilgjengeleg og er svært oversiktlege, og vil såleis vere veleigna for forsking og undervisning. Kraftlinja som krysser vågen er lagt i kabel. Botanisk er lokaliteten relativt artsfattig, men store ålegrasenger på botnen av Vågen er av interesse. KJELDER: Fylkesmannen i M&R Verneframlegg våtmark 1982, Økoforsk 1986:3B

### Boks 7: Storevik dyrelivsfredning (Naturtypelok. nr. 16)

Samtidig med opprettelsen av Storevik naturreservat i Sande kommune fekk ein eit område med dyrelivsfredning (artsvern) som grensar inn til naturreservatet (LQ 135-175 005-065). Grunnen til dyrelivsfredninga er det rike fuglelivet i området, m.a. toppskarv, storskarv og ærfugl (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997, DN 2003). I Naturbase heiter det: "*Område med dyrelivsfredning (artsvern) som grenser til Storevik naturreservat. NOF 1994/95: Åramsholmen: toppskarv 30 individ, storskarv 1 individ, ærfugl, ca. 15 par. Hestøy m/omegn: ærfugl 5-10 par, siland fleire individ (hekkende ?). Rognholmen: ærfugl 2 par, svartbak ca 10 par. Holmane mellom Voksa og Voren: grågås > 5 par (hekkende), ærfugl: ca 10 kull+fl. hoer, tjuvjo 3 par, svartbak ca 10 par.*"

Heile dyrelivsfredningsområdet på 20978 daa låg tidlegare innanfor Sande kommune, men då Åram krins gjekk over til Vanylven kommune vart delar av området rundt Åramsholmen liggande i Vanylven.

## 5 Naturtypar i Sande kommune

Under følgjer ein kort og kommunetilpassa presentasjon av dei ulike naturtypene som er prioriterte i DN-handbok 13-99. Berre naturtypar som er registrerte i Sande er omtala. For utfyllande opplysningar sjå DN (1999a) og Gårder *et al.* (2001). I Sande kommune er det i denne omgang kartlagt 42 prioriterte naturtypelokalitetar frå 16 ulike naturtypar. Av desse er 12 vurdert som svært viktige (A), 15 som viktige (B) og 14 som lokalt viktige (C). Tabell 5 gjev ei oversikt over dei kartlagde naturtypane i Sande kommune med talet på lokalitetar og tilhøyrande verdi for biologisk mangfald.

**Tabell 5:** Oversikt over dei kartlagde naturtypane i Sande kommune med talet på lokalitetar og tilhøyrande verdi for biologisk mangfald.

<b>Hovednaturtype</b>	<b>Naturtype</b>	<b>Verdi</b>			<b>Totalt</b>
		<b>A</b>	<b>B</b>	<b>C</b>	
Myr	Intakt låglandsmyr	A01		1	1
Rasmark, berg og kantkratt	Sørvestnord berg og rasmark	B01		1	1
Fjell	Kalkrike område i fjellet	C01	1		1
Kulturlandskap	Slåtteeng	D01		1	1
	Naturbeitemark	D04	5	4	12
	Kystlynghei	D07	3	3	7
Ferskvatn/ våtmark	Viktige bekdedrag	E06		1	1
	Kalksjø	E07			1
	Rike kulturlandskapssjøar	E08		2	2
Skog	Rike edellauvskogar	F01	2	1	4
	Gammal lauvskog	F07		3	3
Havstrand/ kyst	Sanddyner og -strender	G03/4	1		1
	Brakkvassdelta	G07		1	1
	Brakkvasspollar	G08		2	1
	Kalkrike strandberg	G09	1		1
<b>Totalt</b>			<b>13</b>	<b>15</b>	<b>42</b>

Til saman er det kartlagt 42 lokalitetar som til saman utgjer 13.243 daa eller 13,2 km<sup>2</sup>, eller 315 daa i snitt. Her må ein vere klar over at nokre få, store lokalitetar ofte dreg opp gjennomsnittet. Det totale arealet av dei prioriterte lokalitetane utgjer i underkant av 15 % av det totale landarealet til Sande kommune. I tabell 6 er det ei oversikt over samla og gjennomsnittleg areal av dei kartlagde naturtypene fordelt på hovednaturtype.

**Tabell 6:** Oversikt over samla og gjennomsnittleg areal av dei kartlagde naturtypene fordelt på hovednaturtype.

<b>Hovednaturtype</b>	<b>Talet på lokalitetar</b>	<b>Gjennomsnitt (daa)</b>	<b>Totalareal (daa)</b>
Myr	2	251,5	503
Rasmark, berg og kantkratt	1	14	14
Fjell	2	13	26
Kulturlandskap	20	301	6023
Ferskvatn	4	29	117
Skog	7	813	5692
Havstrand/kyst	6	144,5	868
<b>Totalt</b>	<b>42</b>		<b>13243</b>

### 5.1 Myr

Myrer er økosystem med høg grunnvasstand der nedbrytinga av daudt organisk materiale går så langsamt at det skjer ei opphoping av delvis omdanna organisk materiale (DN 1999a). Myr vert ofte danna på morenemateriale, og i Sande er dalane, samt dei flate områda over skoggrensa ofte dekka av fattige myrer. I botnen av dalane var det tidlegare mykje låglandsmyr. Dei fleste av desse er i dag oppveita og omgjort til dyrkamark. Mindre område med framleis intakte låglandsmyrer finn ein i dag på Voksa og i Gurskebotn.

**Tabell 7:** Lokalitetar i hovednaturtype myr.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
37	Almestadmyra	Intakt låglandsmyr	B
14	Voksa myr	Intakt låglandsmyr	C

## 5.2 Rasmark, berg og kantkratt

Denne hovednaturtypen omfattar naturtypar som er knytt til både tresett og ikkje- tresett vegetasjon under skoggrensa (DN 1999a). DN-handbok 13-1999 (1999a) legg vekta på sør-, søraust- eller vestvendte lokalitetar. Sørvendte berg og rasmarker er oftast en del av ein større mosaikk av naturtypar og er difor vanskeleg å skilje ut som eigne naturtype. I Sande finn ein ofte desse i samband med rike kysthasselkratt og er på fleire lokalitetar teke med i den øvre avgrensinga av desse. Ein lokalitetet, Kleivehammaren på Kvamsøya, er skilt ut som sørvendt berg og rasmark.

**Tabell 8:** Lokalitetar i hovednaturtype Rasmark, berg og kantkratt.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
5	Kleivehammaren	Sørvendt berg og rasmark	B

## 5.3 Fjell

Med fjell reknast her område over den klimatiske skoggrensa. Følgjeleg høyrer mykje av arealet til Sande inn under denne hovednaturtypen. Kalkrike område i fjellet inneholder erfaringmessig eit større biologisk mangfold enn fattigare fjellområde. DN (1999a) nyttar denne naturtypen som ein samlesekke der det inngår mange ulike typar vegetasjon som kan vere mosaikkprega og omfattande å kartleggje. I Sande er fell område med marmor inn under denne naturtypen. Hornet på Sandsøya og Raudegrøtet på Gurskøya er kartlagt som kalkrikt område i fjellet.

**Tabell 9:** Lokalitetar i hovednaturtype fjell.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
21	Hornet kalk	Kalkrike område i fjellet	A
42	Raudegrøtet	Kalkrike område i fjellet	C

## 5.4 Kulturlandskap

Kulturlandskap er i vid forstand alt landskap påverka av menneske, men i DN (1999a) vert omgrepene definert som: "Områder der dagen kulturmakstype eller arealtype og artsutvalg er betinget av tidligere og nåværende arealbruk og driftsformer." (DN 1999a: Vedlegg 5). Uvjødsbla slåtteenger og naturbeitemarker høyrer til dei mest artsrike naturtypene vi har, og skiljast etter om graset vert slått og fjerna på ettersommaren eller ikkje. I Sande er det i dag få av desse naturtypane som framleis vert hevda, eller som ikkje vert gjødsla og drive intensivt. Ei slåtteeng er kartlagt på Aurvoll, og naturbeitemarker er kartlagt spreitt rundt i kommunen. Kystlyngheier er kartlagt fleire stadar lengst mot vest i kommunen.

**Tabell 10:** Lokalitetar i hovednaturtype kulturlandskap.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
6	Kvamsøya vest	Kystlynghei	A
18	Barseneset/ Dollsteinen	Kystlynghei	A
23	Hornet kystlynghei	Kystlynghei	A
19	Rinden	Kystlynghei	B
26	Hestehammarneset/Nupeneset	Kystlynghei	B
2	Storholmen	Kystlynghei	B
47	Gjøna	Kystlynghei	C
46	Gjønes	Naturbeitemark	A
25	Nord for Sandshamn	Naturbeitemark	A
10	Riste	Naturbeitemark	A
24	Ulandsvika	Naturbeitemark	A
12	Voksa beitemark	Naturbeitemark	A
1	Frekøy	Naturbeitemark	B
20	Helland	Naturbeitemark	B
7	Kletten	Naturbeitemark	B
9	Ristesund	Naturbeitemark	B
48	Goteneset	Naturbeitemark	C
49	Hidsnes	Naturbeitemark	C
31	Oksavik beite	Naturbeitemark	C
41	Aurvoll 2	Slåtteeng	B

## 5.5 Ferskvatn

Denne hovednaturtypen omfattar alle naturtypar som er betinga av ope ferskvatn, t.d. innsjøar og rennande vatn (DN 1999a). I Sande er det mange vatn, elvar og bekkar av ulik størrelse. Dei fleste vatna ligg oppå fjellet, men nokre vatn ligg i låglandet. Viktige naturtypar som er kartlagt er rike kulturlandskapssjøar og viktige bekkedrag. Dalevatnet og Littlevatnet er kjartlagt som rike kulturlandskapssjøar, mens Vågselva er kategorisert som viktig bekkefar. Innsjøar på olivingrunn er ført under "andre viktige førekomstar" av di desse fell utanfor metodikken til DN-handbok 13-1999 (DN 1999a).

**Tabell 11:** Lokalitetar i hovednaturtype ferskvatn.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
28	Dalevatnet	Rik kulturlandskapssjø	C
44	Littlevatnet	Rik kulturlandskapssjø	C
45	Klipevatnet	Kalksjø	C
36	Vågselva	Viktig bekkefar	B

## 5.6 Skog

Skog omfattar alle område kor tre er dominerande (DN 1999a). I Sande er det for det meste lauvskog, men det har elles vorte planta mykje vanleg gran og sitkagran. Rik edellauvskog er skog av varmekjære lauvtre, i Sande representert ved hasselkratt med innslag av ask og alm. Rike utformingar krev eit varmt sommarklima med veldrenert og næringsrik jord. Desse er i Sande knytt til sørsvendte bergveggar og underliggjande rasmark, t.d. på Voksa og Aurvoll. Gråor-heggeskog og rikare

sumpskog er kartlagt i Oksavika. Gammal lauvskog er kartlagt m.a. på Laupsneset og mellom Gamlesetra og Vasshornet.

**Tabell 12:** Lokalitetar i hovednaturtype skog.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
33	Laupsneset	Gammal lauvskog	C
39	Aurvoll / Brekke / Hauge	Gammal lauvskog	C
43	Gamlesetra - Vasshornet	Gammal lauvskog	C
32	Oksavik svartor	Rik edellauvskog	C
13	Voksa hasselkratt	Rik edellauvskog	A
30	Larsnes: Breidvik	Rik edellauvskog	A
40	Aurvoll 1	Rik edellauvskog	B

## 5.7 Havstrand/ kyst

Havstrand/kyst omfattar alle naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø, både under vatn og på land (DN 1999a). Sande har ei lang kystlinje med mange ulike naturtypar, frå utsette steinstrender til rolege viker. Mykje av strandsona er dominert av stein og berg, men i dette kartleggingsarbeidet er ulike typar av lausmassestrender prioritert. Desse har ofte høgt biologisk mangfald samstundes som dei har vorte eller står i fare for å verte utbygd (DN 1999a). I Sande har ein lokalitet, Ristesundsanden NR, til dels velutvikla sandstrender og sanddyner. Der Vågsvoset renn ut finn ein eit brakkvassdelta, og Hallevatnet og Sandsvågen NR er døme på brakkvasspollar. Desse naturtypane er høgproduktive økosystem, og er difor viktige mataukområde for fuglar, spesielt i trekktidene, men også elles i året (DN 1999a). Ein av lokalitetane i Sande, Vågsvoset, er skildra i "Fylkesdelplanen for elveoslandschap i Møre og Romsdal" (Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994).

**Tabell 13:** Lokalitetar i hovednaturtype havstrand/ kyst.

Nr.	Lokalitetsnamn	Naturtype	Verdi
35	Vågen/ Vågsvoset	Brakkvassdelta	B
50	Gjerdsvika	Brakkvasspoll	C
17	Sandsvågen NR	Brakkvasspoll	B
27	Hallevatnet	Brakkvasspoll	B
8	Ristesundsanden NR	Sanddyner og sandstrender	A

## 6 Katalog over naturtypelokalitetane og viltområda

### 6.1 Naturtypelokalitetar

I dette kapitlet er dei ulike prioriterte naturtypelokalitetane presenterte. For at det skal vere praktisk å slå opp er lokalitetane ordna etter kva del av kommunen dei ligg i. Innan kvar del er dei så igjen ordna etter plassering. På denne måten vil faktaarka til nærliggande lokalitetar stå tett saman. Boks 8 inneholder forklaringar eller referanse til forklaringar av dei ulike felta som er nytta på faktaarka i resten av dette kapitlet.

#### Boks 8: Forklaring av faktaarka

**Lokalitetsnamn:** Namna følger ØK og M711. Der det er konflikt mellom desse er begge namna nemnt for å unnga forvirring.

**Lokalitetsnummer:** Lokal ID

**Kartblad:** 1119 II, 1119 III eller 1118 IV

**UTM (EUREF89):** Sjå kapittel 2.4

**Høgd over havet:** Etter ØK eller M711

**Naturtype:** Følger DN-handboka (1999a) og Gaarder *et al.* (2001). Sjå også kapittel 2.2.1.

**Vegetasjonstype:** Følger Fremstad (1997)

**Prioritet naturtype:** Sjå kapittel 2.5

**Prioritet viltområde:** Sjå kapittel 2.5

**Truslar:** Eksisterande og/ eller potensielle truslar - detaljar er gjeve under.

**Undersøkt:** Angjeve med dato og bokstav-kode, sjå kapittel 2.3.

**Områdeskildring:** Samanstilling av informasjon basert på skriftlege og muntlege kjelder, samt eigne observasjonar. Der andre sine skildringar i stor grad er nytta, er det referert til desse.

**Spesielle artar:** Her førast raudlista artar etter DN (1999b) eller Gaarder og Jordal (2001), nasjonale ansvarsartar etter DN (1999b) og Gaarder og Jordal (2001), signalartar etter Gaarder *et al.* (2001), Haugset *et al.* (1996) og Nitare (2000), fredlyste artar i Noreg, regionalt raudlista artar etter Gaarder og Jordal (2003), samt andre spesielt interessante artar, t.d. artar med eigne rasar.

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Avgrensing av lokalitetane er basert på skriftlege og muntlege kjelder, samt eigne observasjonar og vurderingar. Det er prøvd å argumentere for verdsettinga, og der det er tvil om verdivurderinga er det opplyst om dette.

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Avgrensing av lokalitetane er basert på skriftlege og muntlege kjelder, samt eigne observasjonar og vurderingar. Verdsetjinga baserer seg hovudsakleg på vekstumklasser (sjå kapittel 2.8.2 ), men der det er føreteke manuell sluttkorreksjon av verdivurderinga er det argumentert for dette.

**Truslar/konflikt og forvaltning:** Skildrar faktiske, samt potensielle framtidige truslar mot lokalitetens sitt biologiske mangfald. Skjøtsel- og forvaltningstiltak er anbefalt.

**Muntlege kjelder:** Muntlege informasjonskjelder om lokaliteten.

**Skriftlege kjelder:** Skriftlege informasjonskjelder om lokaliteten. Generelle kjelder er referert i teksten, men ikkje teke med her.

## Frekøy

**Lokalitetsnummer:** 1

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LP112 993

**Høgd over havet:** 0-15

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Vegetasjonstype:** Tørr gras-urterik hei - H2, samt innslag av variert Fuktig fattigeng - G1a-d

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:** Vekttal 2, viktig viltområde

**Truslar:** Opphør av beite og gjengroing

**Undersøkt:** 12.07.03 KJG og MV

### Områdeskildring:

Lokaliteten består av nokre holmar sør for Kvamsøya. På ein av holmane ligg Frekøy fyr med fråflytta hus. Lokaliteten har ein konsentrasjon av hekkande sjøfugl. Denne delen av kommunen er elles eit godt beiteområde for sjøfugl. Lokaliteten har naturbeite i sterkt attgroing. Nokre få sauherdar beiter på holmane. Grågjess beiter også her. Spesielt for denne lokaliteten er dei store mengdene med den etterkvart så sjeldne arten dvergsmyle på dei magre, beita kystberga. Her er også eit potensiale for beitemarkssopp. Aggressive raudnebbterner kan tyde på hekking på øyane.

**Spesielle artar:** Stor bestand av den regionalt raudlista plantearten dvergsmyle (omsynskrevjande).

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Med tanke på samla verdiar og naturleg avgrensingar er det naturleg å sjå desse holmane i samanheng med Storholmen (lok. nr. 2) og Egholmane og Lisjeholmen (lok. nr. 3) når det gjeld verneverdi og avgrensingar. Området har vore vurdert i samband med verneplan for sjøfugl i fylket. Store forekomstar av regionalt raudlista planteart, samt lang brukshistorie utan bruk av anna gjødsel enn det beitedyra tilfører gjev lokaliteten verdien viktig (B).

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Aggressive raudnebbterner kan tyde på hekking på øyane her. Beiteområde og mulig hekkeplass for grågås. Lokaliteten får difor vekttal 2 og vert vurdert som viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Opphør av beite er ein trussel for naturtypen og forekomsten av dvergsmyle. Beitetrykket av sau bør aukast for å hindre attgroing. Lokaliteten er tidligare registrert som viktig friluftsområde.

**Skriftlege kjelder:** Folkestad og Loen 1998

## Storholmen

**Lokalitetsnummer:** 2

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 120 001

**Høgd over havet:** 5-50

**Naturtype:** Kystlynghei

**Vegetasjonstype:** Tørr/ fuktig lynghei (H1a/ H3) (95 %), purpurlyngutforming (H1b) (5 %)

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:** Vekttal 4, svært viktig viltområde

**Truslar:** Opphør av beite og gjengroing, forstyrring

**Undersøkt:** 12.07.03 KJG og MV

### Områdeskildring:

Lokaliteten består av nokre holmar sør for Kvamsøya. På Storholmen er det sjøbuer, samt fråflytta hus på nordsida. Lokaliteten har ein konsentrasjon av hekkande sjøfugl, med midtre og sørlege del av Storholmen som den viktigaste. Denne delen av kommunen er elles eit godt beiteområde for sjøfugl.

Storholmen har i dag ein stor måsekoloni. Gråmåse og sildemåse er dominerande artar med eit hundretals hekkande par, men også svartbak (nasjonal ansvarsart) hekkar i kolonien. I 1997 hekka det totalt om lag 240 par hekkande sjøfugl. Ellers hekkar det ramn og grågas. Vegetasjonen på lokaliteten er ordinær kystlynghei med innslag av purpurlyng, spesielt i sydvestre, tørre høgdedrag. Ved dei nedlagde gardane er det gammal innmark i sterkt attgroing. Sauer beiter på øya.

**Spesielle artar:** Purpurlyng (nordgrense i fylket: Haram) er oppført som omsynskrevjande på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Med tanke på samla verdiar og naturleg avgrensingar er det naturleg å sjå desse holmane i samanheng med Frekøy (lok. nr. 1) og Egholmane og Lisjeholmen (lok. nr. 3) når det gjeld verneverdi og avgrensingar. Området har vore vurdert i samband med verneplan for sjøfugl i fylket. I tidligare vurderinger har lokaliteten vore slått saman med Frekøy (lok. nr. 1), men lokaliteten er i dette arbeidet vurdert som så ulik at den er skilt ut som eigen lokalitet. Kystlynghei og purpurlynghei er vurdert som truga vegetasjonstyper av Fremstrad og Moen (2001). Kystlynghei med innslag av purpurlyng gjev lokaliteten verdien viktig (B).

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Måsekoloni på lokaliteten gjev vekttal 4. Lokaliteten vert vurdert som svært viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Opphøyr av beite er ein trussel for naturtypen. Beitetrykket av sau bør aukast for å hindre attgroing. Lokaliteten er tidligere registrert som viktig friluftsområde, og det ligg føre godkjent reguleringsplan med tanke på hotellfrift på øya. Auka ferdsel grunna hotelldrift og friluftsliv kan verte ein trusselfaktor mot viltverdiane på lokaliteten.

**Skriftlege kjelder:** Folkestad og Loen 1998

## Eggholmane og Littleholmen

**Lokalitetsnummer:** 3

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 10-12 01-02

**Høgd over havet:** 0-5

**Naturtype:**

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:**

**Prioritet viltområde:** Viktig viltområde

**Truslar:** Forstyrring

**Undersøkt:** 12.07.03 KJG og MV

### Områdeskildring:

Lokaliteten vert utgjort av nokre holmar eller store skjer med kringliggjande fluer sør for Kvamsøya. Den sørlegaste holmen er berglendt og nogså snau, den nordlegaste har jordsmonn og grasmark på det meste av arealet. Det hekka i 1997 om lag 100 par fugl av ulike artar. Under tidlegare registreringar på 70- og 80-talet har det likevel vore betydeleg større sjøfuglbestandar enn situasjonen i 1997. Dette gjeld både fiskemåse med over 100 par og svartbak med mellom 50 og 100 par. Av artar som ikkje er registrerte i 1997 er det viktig å merke seg at det i gode år tidlegare har vore registrert 100-200 par terner (begge artar), samstundes som det var ein hekkebestand med teist på holmane. Frå tidlegare registreringar er det dokumentert at holmen enkelte år kan huse ein relativt stor ternekoloni med inntil 50-100 par med dominans av raudnebbterne. Også siland (nasjonal ansvarsart) er tidlegare påvist hekkande. Difor vil potensialet vere større enn situasjonen i dag, og med positiv utvikling kan ein rekne med at holmane vil vere gunstige for ei rekke artar, m.a. også for ein eksanderande grågåsbestand.

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Med tanke på samla verdiar og naturleg avgrensingar er det naturleg å sjå desse holmane i samanheng med Storholmen (lok. nr. 2) og Frekøy (lok. nr. 1) når

det gjeld verneverdi og avgrensingar. Området har vore vurdert i samband med verneplan for sjøfugl i fylket. Lokaliteten vert vurdert som viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Forstyrring frå menneske kan verte ein trusselkator mot viltverdiane på lokaliteten.

**Skriftlege kjelder:** Folkestad og Loen 1998

## Terneskjeret og Haugsholmen

**Lokalitetsnummer:** 4

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 12-13 98-99

**Høgd over havet:** 0-30

**Naturtype:**

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:**

**Prioritet viltområde:** Registrert viltområde

**Truslar:** Forstyrring, gjengroing

**Undersøkt:** 12.07.03 KJG og MV

**Områdeskildring:** Område med sjøfugl. Den raudlista bregna hinnebregne (V) vart registrert på lokaliteten.

**Avgrensing og prioritering viltområde:** Avgrensing er etter skjønn trekt utanom dei bebygde delane av Haugsholmen. Lokaliteten vert teke med som registrert viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Tidligare registrert som viktig friluftsområde. Forstyrring kan verte eit problem i hekketida.

## Kleivehammaren

**Lokalitetsnummer:** 5

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 116 021

**Høgd over havet:** ca 5-20

**Naturtype:** Sør vendt berg og rasmark

**Vegetasjonstype:** Bergsprekk og bergvegg - Variabel F2-F3 (lite utreda) (forslag: Vivendel/ blankburkne/ sisselrotutforming)

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:**

**Undersøkt:** 25.07.03 KJG

**Områdeskildring:** Sør vendt berg og storsteina ur med eit visst preg av kalkhaldige bergartar, sigevasspåverking og med varmekjær vegetasjon. På lokaliteten veks ein bestand av strandlauk. Dette er den nest nordligaste påviste lokaliteten med strandlauk i noreg og verda (den nordligaste er på Humla i Ålesund kommune). Elles er det på lokaliteten ein god del hagtorn og osp, hassel, ask og nypebuskar, samt vivendel som gjennomvever mestepasten av lokaliteten, dels klartrande i berget og oppover trestammane. Krypande over stein veks krypsilkemosen (*Homalothecium sericeum*), levermosen kystband (*Metzgeria conjugata*), sumpflak (*Calypogeia mulleriana*), samt andre ubestemte blad- og levermosar.

**Spesielle artar:** Ospekuje (*Ceriporiopsis aneirina*) (DC). Strandløk er vurdert som sterkt truga i den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003) og har nordgrense i fylket (Ålesund).

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Liten størrelse, men funn av raudlista soppart og bestand av regionalt sterkt truga planteart gjer at lokaliten vert vurdert som viktig (B).

## Kvamsøya vest (Basseneset / Djupvika / Kletten)

**Lokalitetsnummer:** 6

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ100 030-034

**Høgd over havet:** 0-100

**Naturtype:** Kystlynghei

**Vegetasjonstype:** Purpurlyngutforming - H1b

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:** Vekttal 5, svært viktig viltområde

**Truslar:** Opphøyr av beite og gjengroing, forstyrring

**Undersøkt:** 25.07.03 KJG

**Områdeskildring:** Lokaliteten ligg på vestsida av Kvamsøya og er utgjort av bratte sørberg, kystlynghei med purpurlyng, noko rikare i vågane. Hekkeplass for måse, m.a. sildemåse, tjuvjo og toppskarv. Ynglelass for steinkobbe og tilhaldsplass for storjo. Området har eit stort innhald av raudlisteartar frå fleire artsgrupper. På skjer og i gruntvassområdet utanfor overvintrar ei rekke raudlista fugleartar, m.a. havelle (DM), svartand (DM), sjørre (DM) og teist (DM). Islom og gulnebbblom, begge nasjonale ansvarsartar, kan observerast her vinterstid. Skjera er også ligge- og kastepllass for steinkobbe. Spesielt den sørvestlige delen av avgrensinga har ei velutvikla purpurlyngutforming, og Sande har i saman med Herøy verdens nordligaste velutvikla lokalitetar av denne typen kystlynghei. På lokaliteten fins også fylkets vestligaste bestand med padde. Av registrerte lavartar er lungenever, skrubbenever, buktporelav, blåfiltlav, bikkjenever, papirnever og gullprikklav (V).

**Spesielle artar:** Hinnebregne (V), havburkne (R), gullprikklav (V). På skjer og i grytvannsområdet utanfor overvintrar havelle (DM), svartand (DM), sjørre (DM), teist (DM), Islom (nasjonal ansvarsart) og gulnebbblom (nasjonal ansvarsart). Purpurlyng (nordgrense i fylket: Haram) er oppført som omsynskrevjande på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Avgrensing er gjort etter skjønn. Sande har i saman med Herøy verdens nordligaste velutvikla lokalitetar av purpurlynghei. Kystlynghei og purpurlynghei er vurdert som truga vegetasjonstyper av Fremstrand og Moen (2001). Velutvikla purpurlynghei, samt funn av stort antall raudlisteartar gjev lokaliteten verdien svært viktig (A).

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Overvintringsområde for lommar/ lappedykkarar/ ender gjev – vekttal 2, kastepllass for steinkobbe - vekttal 3, leve-/ yngleområde for oter - vekttal 5. Totalt vekttal 5. Lokaliteten vert av dette vurdert som svært viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med sauebeiting. Beitestrykket bør aukast. Lokaliteten er tidligare kartlagt som viktig friluftsområde. Forstyrring frå friluftsliv og anna menneskeleg aktivitet kan verte eit problem for viltverdiane.

## Kletten

**Lokalitetsnummer:** 7

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 106 038

**Høgd over havet:** Ca. 20

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Opphøyr av beite og gjengroing, gjødsling

**Undersøkt:** 01.08.03 KJG

#### **Områdeskildring:**

Staden ligg vest for busetnaden i Ristesundet, og blir beita av storfe. Jordsmonnet er for det meste basefattig, men med innslag av rikare sig. Vegetasjonen er trefattig og nokså typisk for beitemarker på kysten, med magre grasmarker med både friske og fuktige parti, litt lyngmark og grunnlendte knausar. Det er funne 42 planteartar, av desse 13 naturengartar. Av naturengartane kan nemnast engstorr, kornstorr og småengkall, og av andre artar var det ein del kusymre. Det vart vidare funne 16 soppartar, av desse 8 artar beitemarkssopp (10 poeng), m.a. grå vokssopp (*Hygrocube unguinosa*) og den raudlista beitemarkssoppen russelærsvokssopp (*Hygrocube russocoreacea*) (DC - Hensynskrevjande).

**Spesielle artar:** Den raudlista beitemarkssoppen russelærsvokssopp (*Hygrocube russocoreacea*) (DC - Hensynskrevjande).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Lokaliteten er tidlegare kartlagt som verdifullt kulturlandskap. Funn av omsynskrevjande beitemarkssopp gjev verdien viktig (B).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjøtsel med beiting, samt ikkje bruk av anna gjødsel enn det husdyra tilfører.

**Skriftlege kjelder:** Aksdal 1994, Jordal og Gaarder 1997, 1998

## Ristesundsanden naturreservat

**Lokalitetsnummer:** 8

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 117 041

**Høgd over havet:** 0-5

**Naturtype:** Sanddyner og sandstrender

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:** Ikke vurdert

**Truslar:** Slitasje frå ferdsel, jordbruk, sandtekt og avfallstømming

**Undersøkt:** 01.08.03 KJG

**Områdeskildring:** Lokaliteten er verna som naturreservat i samband med verneplan for havstrand- og elveosaktivitetar for å sikre eit relativt intakt sanddyneområde som ein typelokalitet for sørleg og varmekjær sanddynevegetasjon. Området har samla sett verdi som eit regionalt typeområde.

Lokaliteten ligg på nordsida av Kvamsøya og er ei svært eksponert og vegetasjonslaus ytre finsandstrand med fordyner og etablerte sanddyner. Lengst sør og i nord finst tangvollar framfor og på høgde med fordynene. Midt i lokaliteten er eit bekkeutløp. I sør grensar området til bilveg, i nord og aust til dyrkamark.

Strandområdet er ein del av eit større samanhengande beiteområde for sjøfugl og sjøpattedyr.

Lokaliteten er middels artsrik med 54 registrerte artar, med førekommstar av sjeldsynte og truga sørlege sandstrandartar som marehalm, strandreddik og sandstorr. Andre samfunn er ålefraseng, tangmeldevoll, kvekevoll og stradarvefordyne. Lokaliteten har noko igjen av svært fint utforma og artsrik etablert dyne som er sjeldan andre stadar i fylket.

Strandområdet er ein del av eit større samanhengande beiteområde for sjøfugl og sjøpattedyr. Aktuelle artar om vinteren er lomar, gråstrupedykkar, storskav, toppskav, stokkand, rauvstilk, teist, ærfugl, havelle, sjørre, kvinand og siland. Like sør for lokaliteten er det ynglelass for sel, og både havert og steinkobbe beitar i området.

**Spesielle artar:** Sjeldsynte og truga sørlege sandstrandartar som marehalm, strandreddik og sandstorr. Marehalm (nordgrense i fylket: Fræna/ Aukra) er oppført som akutt trua, medan sandstorr (nordgrense i fylket: Fræna) og strandreddik (nordgrense i fylket: Fræna) er oppført som sårbar på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Avgrensinga følger verneforskrifta. Området bør sjåast i samanheng med viktige omliggande viltområde, m.a. Kvamsøya vest (lok. nr. 6) og Riste (lok. nr. 10). Størrelse og førekommst av regionalt sjeldne og truga artar, samt meir eller mindre intakte sanddyner gjev verdien svært viktig (A).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Sanddynene har fått store erosjonsskader, sist vinteren 1992. Den største brotkanten vart forbygd i 1989. Forbygginga langs vegen er ikkje gjennomført i tråd med tilråding frå miljøvernnavdelinga i 1989. Det er difor ikkje lagt til rette for regenerering av vegetasjonen. Det er eit mål å få bygd ei ny forbygging i samråd med naturskadefondet. Sand og torv må leggjast på utsida slik at ny og sandbindande vegetasjon kan rotfeste seg. Sanddynevegetasjonen er gjødsla og beita i den nordlege delen av bukta. Lokaliteten bør ikkje gjødslast meir enn det husdyra tilfører. Lokaliteten er tidligare registrert som del av eit viktig friluftsområde (Ristesund - Kletten) og er nytta som badestrand og lokalt utfartsområde. Sanddynevegetasjonen er utsett frå slitasje frå trakk, og dette kan verte ein trussel mot verdiane på lokaliteten.

**Skriftlege kjelder:** Holten et al. 1986a, 1986b, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1995, 2001, 2002, Oterhals 1996, Lovdata 2005

## Ristesund

**Lokalitetsnummer:** 9

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 124 037

**Høgd over havet:** Ca. 40

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Opphøyr av beite og gjengroing, gjødsling

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

### Områdeskildring:

Det undersøkte området ligg i dei nordvest- til nordaust-vendte bakkane og høgdedraga ved Instegardneset. Det meste av området var dominert av gras- og urtedominerte beitemarker. Vegetasjonen var dels prega av lite beiting, med ein del høgt gras. Det er funne 30 planteartar, av desse 10 naturengartar. Mellom desse var kystmaure og kystgrisøyre. Av andre planter er det verdt å nemne kusymre, musøyre og purpurlyng. Det er vidare 7 artar beitemarkssopp (9 poeng), m.a. skarlagenvokssopp (*Hygrocube punicea*) og den raudlista beitemarkssoppen raudskivevokssopp (*Hygrocube quieta*) (DC - hensynskrevjande).

**Spesielle artar:** Den raudlista beitemarkssoppen raudskivevokssopp (*Hygrocube quieta*) (DC - hensynskrevjande).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Lokaliteten har ikkje vorte oppsøkt under dette arbeidet, og avgrensing er følgeleg noko upresis. Lokaliteten er tidlegare kartlagt som verdifullt kulturlandskap. Forekomst av omsynskrevjande beitemarkssopp gjev verdien viktig (B).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med sauebeiting, samt ikkje bruk av anna gjødsel enn det husdyra tilfører. Beitetrykket bør halde fram og aukast i forhold til i dag.

**Skriftlege kjelder:** Aksdal 1994, Jordal og Gaarder 1997, 1998

## Riste

**Lokalitetsnummer:** 10

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 100-115 050-063

**Høgd over havet:** 0-191

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Ophøyr av beite og gjengroing

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

### Områdeskildring:

Riste skil seg ut på lang avstand som ei grøn øy, med eit preg som minner om Færøyane. Den er skoglaus og store delar er graskledd. Forutan 180 dekar innmark er det rundt 450 dekar utmark. Tidlegare var dette ein av dei største gardane i Sande.

Riste er ei brattlendt øy, om lag 800 daa og med høgaste punkt 191 m.o.h. Det er bratt i sjøen rundt heile øya utan mindre stykke i nordaust. Den vestlege delen er bratte fjellsider med urer og stup, dels med sprekker og klover. Mot nord er det bakkar med fukthei. Gras- og lyngmark og straneng med nokre buskar. Heilt i sør er det eit flatare parti i overgangen mot det grunne Ristesundet. Her ligg to småbruk med kulturmark, fråflytta i 1964. Det er registrert vesentlege kulturlandskapsverdiar på nordre del av Sandsøya, men Riste er dårleg undersøkt.

Brukshistoria på Riste er skildra i detalj i Jordal og Gaarder (1997).

Berggrunnen er variert med m.a. eklogitt, og vil vere av geologisk interesse.

Vegetasjonen på heile øya er hovedsakleg naturbeitemark/kystgrashei. Det finst små areal med røsslynghei. På nordvest-enden finst litt fukthei med bjønnskjegg, bjønnkam, røsslyng, finnskjegg og tepperot. Førekomensten av purpurlyng i nordvesthellingane er truleg av dei største i fylket ved sida av bestanden på Sandsøya rett nordanfor. Elles finst strandbergvegetasjon og grunnlendte berg elles. Vegetasjonen er dels baserik og rommar mange krevjande planteartar.

Det var i 1997 registrert 110 plantartar på øya, av desse 29 naturengplantar og 1 seterplantar. På beita strandberg er det funne bakkesøte. På berg eller veks noko blankburkne og det er funne havbrukne på sørvestsida. På grunnlendte berg veks aurikkelsvæve, hårsvæve, lækjeveronika, dvergsmyle og gjeldkarve. I kalkrike fuktenger på nordaustsida er det mykje vill-lin forutan blåstorr, engstorr og loppestorr. I same området veks også kusymre og purpurlyng i meir heiprega vegetasjon. Rundt det høgaste punktet på øya er det ein god del kystmaure i grasmarkene. På sørsida er det eit felt med ramslauk.

Beitemarkene hadde jamt over god mosedekning og har ein divers soppflora. Det vart i 1997 funne 33 artar med beitemarkssopp (73 artspoeng), av desse 23 vokssopp-artar. Dette er noregsrekord for eitt besøk.

På øya hekker havhest, toppskarv (nasjonal ansvarsart), ærfugl, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak (nasjonal ansvarsart) og teist. Andre hekkande fugl er tjeld og 14-15 småfuglartar.

Sjøfuglbestandane på øya har gått sterkt attende i nyare tid. Tidligare var toppskarvkolonien større, og lokale kjelder oppgjev at det har hekka lunde. Dei tidlegare koloniområda er framleis intakte, og med positiv bestandsutvikling og endra føresetnadar har øya framleis potensiale til å utvikle seg til ein viktig sjøfugllokalitet. Ein kan ikkje sjå vekk frå at havsvale og/ eller stormsvale kan hekke på øya.

**Spesielle artar:** Havburkne (*Asplenium marinum*) (R - sjeldan). Raudlista beitemarkssopp: (*Clavulinopsis fusiformis*) (V - sårbar), brun engvokssopp (*Hygrocube colemanniana*) (V - sårbar), gulfotvokssopp (*Hygrocube flavipes*) (V+), musserongvokssopp (*Hygrocube fornicata*) (DC - Hensynskrevjande), rødnende lutvokssopp (*Hygrocube ingrata*) (V - sårbar), sauevokssopp (*Hygrocube ovina*) (E - direkte truga), rødskivevokssopp (*Hygrocube quieta*) (DC - Hensynskrevjande), russelærvokssopp (*Hygrocube russocoreacea*) (DC - Hensynskrevjande) og rød honningvokssopp (*Hygrocube splendissima*) (V - sårbar). Purpurlyng (nordgrense i fylket: Haram) er oppført som omsynskrevjande på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Heile øya er kartlagt med som ein lokalitetet. Kystlynghei og purpurlynghei er vurdert som truga vegetasjonstyper av Fremstrad og Moen (2001). Foreslått verna som sjøfuglreservat. Det er i den samanheng naturlig å inkludere Risteholmen. Dei tidlegare koloniområda er likevel intakte, og med positiv bestandsutvikling og endra føresetnadar har øya framleis potensiale til å utvikle seg til ein viktig sjøfugllokalitet. Lokaliteten med tilhøyrande naturverdiar er i norsk samanheng heilt spesiell, og lokaliteten ligg heilt i toppen når det gjeld artsrike og biologisk verdifulle kulturlansdkap i fylket. Størrelse, hevd og funn av truga og sårbare raudlisteartar gjev lokaliteten verdien svært viktig (A).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Det er sterkt ynskjeleg at beitinga held fram. Dersom ikkje vil øya totalt endre karakter. Øya er svært godt egra til beite. Det er ikkje rovdyrtap, praktisk tala ikkje rome, godt beite på eit ganske stort areal, og dyra kan ikkje stikke av. Brenning har ingen tradisjon på staden, det er omtrent aldri tele, og brenning i 1986 har vist seg å forårsake erosjon i den sårbare mineraljorda. Lokaliteten bør undersøkast nærmare. Lokaliteten er tidligare registrert som viktig friluftsområde. Forstyring i hekketida kan verte ein trussel.

**Skriftlege kjelder:** Rabben 1976, Jordal og Gaarder 1997, 1998, Folkestad og Loen 1998

## Voksa strandberg

**Lokalitetsnummer:** 11

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 159 029

**Høgd over havet:** 5-10

**Naturtype:** Kalkrike strandberg (70%) / naturbeitemark (30%)

**Vegetasjonstype:** Strandberg, rik utforming - X1b, Tørr baserik eng - G6, Sumpstrand - U9a (variabel)

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:** Vekttall 1, registrert viltområde

**Truslar:** Opphør av beite og gjengroing

**Undersøkt:** 12.07.03 KJG og MV

**Områdeskildring:** Lokaliteten ligg på sørvestsida av Voksa på kalksteingrunn, og vert beita av storfe. Dette er ein av dei få lokalitetane med reine kalkstrandberg i fylket, og er ved sida av lokaliteten ved Breidvik (lok. nr. 30) den mest artsrike lokaliteten i Sande, med rik og variert flora med fleire raudlista soppartar. Området er svært rik på vårmarihand og andre orkidéar. Eit anna særtrekk er dei typiske fjellplantane som kjem inn, t.d. fjelltistel, fjellsmelle, raudsildre og guldsildre, og veks side om side med typiske strandplantar som strandkjeks, strandkjempemelde, strandbalderbrå og fjørekoll. Av andre interessante funn er murburkne og hagtorn. Den raudlista planta kystengkall (*Rhinanthus minor* ssp. *monticola*) (DM) er også funne her. Delar av lokaliteten er naturbeitemark med fleire naturengplantar. Av registrerte planteartar kan nemnast: Gulskolm, rundskolm, strandkjempemelde, raudsildre, vårmarihand, kranskonvall, liljekonvall, jáblom, villin, rosenrot, tågebær, fjørekoll, strandrug, tiriltunge, strandsmelle,

blåstorr, hagtorn, stortveblad, murburkne, gulsildre, raudknapp, knollerteknapp, strandstjerne, kransmynte, gjeldkarve. Grågåsa beiter også her og lokaliteten har såleis også ein viss viltverdi.

**Spesielle artar:** Dei raudlista artane kystengkall (DM), skjeljordtunge (*Geoglossum fallax*) (DC), grå dufrødkivesopp (*Entoloma ameoides*) (R), skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*) (DC) og dynetunge (*Geoglossum cookeianum*) (DC).

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Funn av fleire omsynskrevjande og sjeldne raudlisteartar gjer at lokaliteten får verdien svært viktig (A).

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Lokaliteten er raste- og myteplass for grågås, får 1 viltvekt, og vert gjeve verdien registrert viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med beiting, samt ikkje bruk av anna gjødsel enn det husdyra tilfører.

## Voksa beitemark

**Lokalitetsnummer:** 12

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 157 036

**Høgd over havet:** 0-5

**Naturtype:** Naturbeitemark (60%) / kalkrike strandberg (40%)

**Vegetasjonstype:** Frisk fattigeng, vanlig utforming - G4, Øvre salteng, raudsvingel-fjørekoll-tiriltungeutforming - U5c, Strandberg og kystnær, fuglegjødsela vegetasjon - X1b og X2a

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:** Vekttall 1, registrert viltområde

**Undersøkt:** 30.08.03 KJG

**Områdeskildring:** Strandbeitemark i delvis god hevd. Austre del av lokaliteten har ei tradisjonell beitemarksutforming. Vestover går lokaliteten gradvis over i meir saltpåverka vegetasjonstypar som er delvis skjerma mot direkte sjøsprøyte mot sjøen av strandberg (Flødeberga). Overgangen mot myra har trekk av grasdominert kystlynghei. Området blir beita av storfe, og lokaliteten er beite- og myteområde for grågås. Området er noko kupert med lave skrentar og fuglegjødsela tuver. Her er det funne fleire vokssopp, raudskivesopp og kvite, gule og svarte jordtunger (fleire ikkje arts-/kontrollbestemte): Engvokssopp, gulvokssopp, kjeglevokssopp, mørnjevokssopp, skjørvokssopp, grønvokssopp, segvokssopp, krittvokssopp. To vokssoppar er raudlista: Raudskivevokssopp (DC) og spiss vokssopp (DC), og vidare undersøkingar vil truleg føre til fleire funn. Av planter finn ein forutan vanlige naturengsplanter saltsiv, strandkryp, saltgras, gåsemure, fjørekoll, strandbalderbrå, strandstjerne og skjørbuksurt.

**Spesielle artar:** Dei raudlista soppartane raudskivevokssopp (DC) og spiss vokssopp (DC).

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Funn av fleire omsynskrevjande soppartar gjev lokaliteten verdien svært viktig (A).

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Lokaliteten er raste- og myteplass for grågås, får 1 viltvekt, og vert gjeve verdien registrert viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Lokaliteten bør undersøkast nærare av ekspertar på beitemarkssopp.

## Voksa hasselkratt

**Lokalitetsnummer:** 13

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 160 030

**Høgd over havet:** Ca. 20

**Naturtype:** Rik edellauvskog

**Vegetasjonstype:** Lågurt-edellauvskog, rike kyst-hasselkratt - D2c

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:**

**Undersøkt:** 28.08.03 KJG

**Områdeskildring:** Rike hasselkratt på rein kalkgrunn. Lokaliteten er beita av storfe. Av registrerte artar er blåstorr og edellauvskogsartar så som myske, sanikel, skogsalat og vårmarihand. Av sopp er det førebels funne svartkremle, bleik haustmorkel, steinsopp ametystsopp, kamfingersopp, skjeggriske, slimmorkel, falsk brunskrubbe (*Porphyrellus porphyrosporus*) (DC) og den svært sjeldne svartspetta musserong (DC) (ikkje kontrollbestemt).

**Spesielle artar:** Falsk brunskrubbe (*Porphyrellus porphyrosporus*) (DC) og den svært sjeldne svartspetta musserong (*Tricholoma atrosquamosum*) (DC) (ikkje kontrollbestemt).

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Rike hasselkratt ved kysten er ein av tre naturtypar som er rekna som sterkt trua (Fremstad og Moen 2001). Grunna funn av raudlisteart får lokaliteten verdien svært viktig (A).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Lokaliteten bør undersøkast nærmere av soppekspertar.

## Voksa myr

**Lokalitetsnummer:** 14

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 158 037

**Høgd over havet:** ca 5-10

**Naturtype:** Intakt låglandsmyr

**Vegetasjonstype:** Nedbørsmyr, fastmatte - J3 og mjukmatte – J4 (variabel utforming)

**Prioritet naturtype:** Lokalt viktig (C)

**Prioritet viltområde:** Totalt vekttal 2, viktig viltområde

**Truslar:** Oppdyrkning og drenering

**Undersøkt:** 08.01.04 KJG

**Områdeskildring:** Det meste av lokaliteten er typisk ombrotrof høgmyr, men lokaliteten er grøfta og oppdyrka. I slike myrer finn ein ofte store gamle tyrirøter som viser at det i tidligare tider fanst grov kystfuruskog på øya. Vegetasjonen er i tørre parti dominert av røsslyng, men vestover i lavareliggende sumpaktige område dominarar ulike storr, knapp- og lyssiv, bjønnskjegg, finnskjegg, mjødurt og andre sumpplanter. I viker ved sjøkanten finn ein strandengplantar. Myra er ikkje intakt og er i hovudsak avgrensa på grunn av viltverdiane i myra og i gryntvassområda mot Marøyna. Grågås, enkeltbekkasin og andre vadefuglar hekkar her, og lokaliteten er ein viktig raste- og overvintringsplass for både enkeltbekkasin, kvartbekkasin og storspove. Islom, gråstrupedykker, dvergdykker, havvellar og andre ender overvintrer i gruntvassområda rundt Sigholmen og Marøya.

**Spesielle artar:**

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Lokaliteten er ikkje intakt og vert vurdert som lokalt viktig (C).

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Lomar, lappdykkerar, vade-/måse-/alkefuglar: Hekke-/raste- og overvintringsområde - vekttal 2. Totalt vekttal 2. Lokaliteten vert av dette vurdert som viktig viltområde.

## Storevik naturreservat

**Lokalitetsnummer:** 15

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 160-170 056-062

**Høgd over havet:** Ca. 0

**Naturtype:** Havstrandvegitasjon, blautbotnområde i strandsona

**Vegetasjonstype:** Nedre og midtre salteng, fjøresaltgras-utforming – U4a

**Prioritet naturtype:**

**Prioritet viltområde:** Svært viktig viltområde

**Truslar:** Forureining, forstyrring

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

**Områdeskildring:** Naturreservat med tilgrensande dyrelivsfredning for vern av våtmark i Møre og Romsdal fastsett ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988. Lokaliteten er ein viktig raste- og overvintringsplass med vadefugl på strandområda på Vorasanden og sjøfugl spreidd over dei store gruntvassareaala. 15 fugleartar av regional interesse og 4 artar av nasjonal interesse (2 hekkande). Marint gruntvassområde med store tidevassareal, leirar og marklands-mosaikkar langs Voren på Sandsøya. Området har dei største konsentrasjonane av overvintrande gråstrupedykkar i Noreg. Det verna området har tilgrensande dyrelivsfredning (Storevik dyrelivsfredningsområde). Store fjøresaltgrasenger er av botanisk interesse.

**Spesielle artar:** 15 fugleartar av regional interesse og 4 artar av nasjonal interesse (2 hekkande).

### Avgrensing og prioritering naturtypeområde:

**Avgrensing og prioritering viltområde:** Lokaliteten er raste, beite, overvintringsområde for ei lang rekke fugleartar av nasjonal og regional interesse. Viltvekttal er ikkje vurdert, men lokaliteten vert vurdert som svært viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Forureining, truslar mot sjøfuglbestandane.

**Skriftlege kjelder:** Holten et al. 1986a, 1986b, Fylkesmannen i Møre og Romsdalen 1982, Lovdata 2005

## Storevik dyrelivsfredning

**Lokalitetsnummer:** 16

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):**

**Høgd over havet:** 0-5

**Naturtype:**

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:**

**Prioritet viltområde:** Svært viktig viltområde

**Truslar:** Forstyrring

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

**Områdeskildring:** Lokaliteten er eit område med dyrelivsfredning (artsvern) i tilknytning til Storevik naturreservat (lok. nr. 15). Av tidligare registrerte hekkande fugleartar er ærfugl, siland (nasjonal ansvarsart), svartbak (nasjonal ansvarsart), grågås og tjuvjo.

### **Delområde Hestholmen, Flatøya og Marøya**

Lokaliteten består av tre små øyar: Hestholmen, Flatøya og Marøya, samt mange små holmar og skjer i eit marint gruntvassområde mellom Sandsøya, Voksa og Åram. Holmane er berlendte, men botnmaterialet i sjøen vekslar mellom taregrunnar og sandflater. Dei fleste av holmane har sparsamt med vegetasjon. Hestholmen er frodig og graskledd, medan Marøya og holmane i kring har skog av bjørk og rogn.

**Avgrensing og prioritering viltområde:** Avgrensinga følger verneforskrifta. Området bør sjåast i samanheng med tilgrensande naturreservat (lok. nr. 15). Området vert vurdert som svært viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Forstyrring

**Skriftlege kjelder:** Holten *et al.* 1986a, 1986b, Lovdata 2005

### **Sandsvågen naturreservat**

**Lokalitetsnummer:** 17

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 162 073

**Høgd over havet:** 0

**Naturtype:** Undervasseng og brakkvasspoll

**Vegetasjonstype:** Ålegras/ alge-undervannseng – U1

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:** Vekttal 4, svært viktig viltområde

**Truslar:** Forureining, forstyrring, avfallstømming

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

**Områdeskildring:** Naturreservat for vern av våtmark i Møre og Romsdal fastsett ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988. Gjennom ein smal tidevass-straum går sambandet til den ytre vågen og sjøen utanfor.

Brakkvannspoll med høy produksjon. Lokaliteten er prega av store tidevassareal der kvikkleire og store ålegrasenger set sitt preg. Rastepplass og overvintringslokaliitet. 7 fugleartar av regional, 2 av nasjonel og 1 av internasjonal interesse. Viktigaste vinterbeite i fylket for sangsvaner (R). Hekkande grågås.

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Avgrensinga følger verneforskrifta. Stor og relativt intakt brakkvasspoll som er funksjonsområde for fleire raudlista fugleartar gjev verdien viktig (B).

**Avgrensing og prioritering viltområde:** 7 fugleartar av regional, 2 av nasjonel og 1 av internasjonal interesse gjer at lokaliteten vert vurdert som svært viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Det har vore problem med eutrofiering og alge-opplomstring grunna tilsig frå jordbruk og busetnadar. Ulovlege aktivitetar som silofylling, masseuttak, bålbrenning og motorisert ferdsel i reservatet har også funne stad. Kraftlinia som kryssa vågen er no lagt i kabel. Lokaliteten ligg lett tilgjengeleg og er svært oversiktleg, og vil såleis vere veleigna for forskning og undervisning.

**Muntlege kjelder:** Alv Ottar Folkestad

**Skriftlege kjelder:** Holten *et al.* 1986a, 1986b, Fylkesmannen i Møre og Romsdalen 1982, Vestlandsnytt 1995, Lovdata 2005

## Barseneset / Dollsteinen

**Lokalitetsnummer:** 18

**Kartblad:** 1119 III, 1119 IV

**UTM (EUREF89):** LQ 138 068- 081

**Høgd over havet:** 0-200

**Naturtype:** Kystlynghei

**Vegetasjonstype:** Tørr gras-urterik hei - H2 (ca 80%), Fuktig lypnhei - H3, Bergsprekk og bergvegg - F2, Bergknaus og bergflate - F3

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:** Totalt vekttal 4, svært viktig viltområde

**Truslar:** Opphøyr av beite og gjengroing

**Undersøkt:** 15.08.03 KJG

**Områdeskildring:** Lokaliteten ligg i ei brattlendt fjellside på sørvestsida av Sandsøya. Vegetasjonen er rik på varmekjære arter. Landskapet er prega av haverosjon, med kløfter og ryggar langs stranda og med ei djup havgrotte ved foten av Dollsteinen. Vestvendt grasdominert kystlynghei med preg av lang tids beitebruk. Ein flokk villgeit som held til på sandsøya blir stadig observert oppe i hamrane her. På lokaliteten er det fleire grotter og holer. I dollsteinshola, eit ynda turmål, finn ein den tredje største forekomsten av raudlistearten havburkne (R) i fylket. Elles er det registrert ei rekke andre raudlistearter og ansvarsarter av planter, sopp, mose og lav, m.a. tungekurlemose (DC), kystblåfiltlav (DC), raudskivevokssopp (DC), skifervokssopp (DC), bergasal (nasjonal ansvarsart) og rognasal (nasjonal ansvarsart). Elles er det innslag av purpurlyng, spesielt høgt oppe i sørsvendte skråningar. Av registrerte soppartar kan nemnast engvokssopp, kjeglevokssopp, mørnevokssopp, skarlagensvokssopp, honningvokssopp, grønnvokssopp, gul vokssopp and krittvokssopp. Det overvintrar ein del andearter, lappedykkarar, storjo og skarv.

**Spesielle arter:** Ei rekke raudlistearter og ansvarsarter, m.a. havburkne (R), tungekurlemose (DC), kystblåfiltlav (DC), raudskivevokssopp (DC), skifervokssopp (DC), bergasal (nasjonal ansvarsart) og rognasal (nasjonal ansvarsart).

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Lokaliteten er tidlegare kartlagt som verdifullt kulturlandskap. Avgrensing følger tidlegare skildringar, men med justert grense slik at lokaliteten ikke överlappar med Rinden (lok. nr. 19). Kystlynghei og purpurlynghei er vurdert som truga vegetasjonstyper av Fremstrand og Moen (2001). Grunna størrelse og funn av mange raudlistearter vert lokaliteten vurdert som svært viktig (A).

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Totalt vekttal 4. Andefuglar (m.a. havelle, svartand): Overvintringsområde - vekttal 2, lappedykkarar: Overvintringsområde - vekttal 1, toppskarv: Overvintring - vekttal 1. Lokaliteten vert vurdert som viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Opphøyr av beite og gjengroing. Området, spesielt Dollsteinhola, er profilert av reiselivet. Mykje ferdsel kan forstyrre og vere eit trugsmål mot viltverdiane på lokaliteten.

**Skriftlege kjelder:** Aksdal 1994

## Rinden

**Lokalitetsnummer:** 19 (1514-13-1)

**Kartblad:** 1119 III, 1119 IV

**UTM (EUREF89):** LQ 15 07

**Høgd over havet:** 150-300

**Naturtype:** Kystlynghei

**Vegetasjonstype:** H1 Tørr lynchei H1a Røsslyng-utforming

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Opphør av beite og gjengroing

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

**Områdeskildring:** Lokaliteten er eit kystlyngheimråde på nordsida av Rinden. Bergarten er glimmerhaldig gneis. Det er registrert vel 100 artar (botanikk) i sjølve lyncheia og på bakemyrar. Lyncheia skil seg frå dei lengre sør på Vestlandet med innslag av dvergbjørk. Fleire heitypar. Området er eit av dei betre røsslyngdominerte kystlyngheimråda på søre Sunnmøre som ikkje inneheld store areal med fjellhei. Lyncheisamfunnet er i hovudsak i moden fase med einskilde innslag av degenereringsfase.

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Avgrensing er gjort slik at lokaliteten ikkje overlappar med Barseneset / Dollsteinen (lok. nr. 18). Grensa for lokaliteten er diffus. Kystlynghei er vurdert som truga vegetasjonstyper av Fremstad og Moen (2001). Størrelse og hevd gjer at lokaliteten vert vurdert som viktig (B).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Opphør av beite og gjengroing. Beitetrykket bør aukast.

**Skriftlege kjelder:** Fremstad et al. 1991

## Helland

**Lokalitetsnummer:** 20

**Kartblad:** 1119 IV

**UTM (EUREF89):** LQ 140 087

**Høgd over havet:** Ca. 10

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Opphør av beite og gjengroing, gjødsling

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

**Områdeskildring:**

Området er prega av ein mosaikk mellom beitemark, berg og ur. Det er mykje stein og grunnlendt berg i området, og vegetasjonen er meir artsfattig enn i området frå Sandshamn til Ulandsvik.

Det er registrert 20 poeng for beitemarkssopp på lokaliteten.

**Spesielle artar:** Den regionalt raudlista plantearten dvergsmyle (*Aira praecox*) (omsynskrevjande), samt den raudlista beitemarkssoppen rødskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) (DC - Hensynskrevjande).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Lokaliteten er tidlegare kartlagt som verdifullt kulturlandskap. Lokaliteten er relativt artsfattig og har eit nitrofilt preg. Grunna funn av omsynskrevjande raudlisteart vert lokaliteten vurdert som viktig (B).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med beiting, samt ikkje bruk av anna gjødsel enn det husdyra tilfører.

**Skriftlege kjelder:** Aksdal 1994, Jordal og Gaarder 1993, 1995, 1998

## Hornet kalk

**Lokalitetsnummer:** 21

**Kartblad:** 1119 IV

**UTM (EUREF89):** LQ 165 085

**Høgd over havet:** 230-250

**Naturtype:** Kalkrike område i fjellet

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Ophøyr av beite og gjengroing

**Undersøkt:** 22.07.03 KJG og MV

**Områdeskildring:** Hovedbergarten på Sandsøya er glimmerhaldig gneis, mens ein del av Hornet ligg i eit marmorbelte mellom gneisen i sør og eit lite område med amfibolitt i nord. På lokaliteten veks fylkets vestlegaste bestand av reinrose, vesentlig i nord og vestvente skråningar like under toppen på ope kalkhaldeberg. Her veks også andre typiske fjellplantar som fjellsmelle, raudsildre og rypebær.

**Spesielle artar:** Den regionalt sjeldne arten reinrose (*Dryas octopetala*).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Ein del av Hornet med kystlynghei er skilt ut som eigen lokalitet (lok. nr. 23). Utpostlokalitet av reinrose gjev lokaliteten verdien svært viktig (A).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Plukking, trakk

**Muntlege kjelder:** Alv Ottar Folkestad

## Hornet kystlynghei

**Lokalitetsnummer:** 23 (Inngår i 1514-58-1 og 1514-58-2)

**Kartblad:** 1119 IV

**UTM (EUREF89):** LQ 168 083

**Høgd over havet:** 200-250

**Naturtype:** Kystlynghei

**Vegetasjonstype:** Purpurlyng-utforming - H1b

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Ophøyr av beite og gjengroing

**Undersøkt:** 22.07.03 KJG og MV

**Områdeskildring:** Kystlyngheiområde som ligg sørvest-vendt under Hornet med varmekjære og tørketånde artar. Hovedbergarten på Sandsøya er glimmerhaldig gneis, mens ein del av Hornet ligg i eit marmorbelte mellom gneisen i sør og eit lite område med amfibolitt i nord. Området inneholder mange varmekjære og til dels tørketånde artar i lynghei, rasmarker og beitemarker. Lokaliteten består av velutvikla purpurlynghei. Lokaliteten er ein del av dei nordligaste i landet med større mengder purpurlyng.

**Spesielle artar:** Purpurlyng (nordgrense i fylket: Haram) er oppført som omsynskrevjande på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Ein del av Hornet med reinroseførekost er skilt ut som eigen lokalitet (lok. nr. 21). Ein del rikare parti kystlynghei som ikkje har vorte oppsøkt av Fremstad et al. (1991) er vidare inkludert. Kystlynghei og purpurlynghei er vurdert som truga vegetasjonstyper av Fremstrand og Moen (2001). Lokaliteten vert samla sett vurdert som svært viktig (A).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Opphøyr av beite og gjengroing er ein trussel.

**Skriftlege kjelder:** Fremstad et al. 1991

## Ulandsvisa

**Lokalitetsnummer:** 24

**Kartblad:** 1119 IV

**UTM (EUREF89):** LQ 170-175 085-090

**Høgd over havet:** Ca. 20

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Opphøyr av beite og gjengroing, gjødsling

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

### Områdeskildring:

Lokaliteten ligg nord for Sandshamn på austre del av Sandsøya. Ulandsvisa er som navnet antyder et utmarksbeite. Det ligger nordvendt, er ganske bratt, noe steinet, ugjødsla, beites av sau og er i god hevd. Grashei dominerer. Lokaliteten har mange tegn på eit kalkhaldig jordsmonn. Av karplantar kan nemnast raudsildre, gulsildre, loppestorr, gulstorr og svarttopp. I tillegg veks det purpurlyng og dvergsmyle. Den siste er ein konkurransesvak kystplante som truleg er favorisert av beiting (Jordal og Gaarder 1993). Det er funne mange artar beitemarkssopp (44 artspoeng, 2 besøk) og eit bra utval naturengplantar.

(Skildring etter Jordal og Gaarder 1993)

**Spesielle artar:** Dei raudlista beitemarkssoppene grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*) (V - sårbar), rød honningvokssopp (*Hygrocube splendissima*) (V - sårbar), gulbrun narrevokssopp (*Camarophyllopsis schulzeri*) (DC - Hensynskrevjande), skjelljordtunge (*Geoglossum fallax*) (DC - Hensynskrevjande), rødskivevokssopp (*Hygrocube quieta*) (DC - Hensynskrevjande), svartdogget vokssopp (*Hygrocube phaeococcinea*) (DC - Hensynskrevjande) og kvit småfingersopp (*Ramariopsis kunzei*) (DC - Hensynskrevjande).

Dvergsmyle (*Aira praecox*) og purpurlyng (*Erica cinerea*) er begge oppført som omsynskrevjande (DC) på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Lokaliteten heng saman med lokalitet nr. 25, men er skilt ut som ein eigen lokalitet. Det høge talet på beitemarkssopp og naturengplantar gjer dei to lokalitetane til ein av dei mest verdifulle i fylket. Funn av raudlisteartar, samt relativt stor utstrekning og god hevd gjer at lokaliteten får verdien svært viktig (A). Dersom ein ser på dei to lokalitetane som eit område har dette området 86 artspoeng for beitemarkssopp og 16 naturengplantar, og er truleg ei av dei mest verdifulle kystgrasheiene som er att i fylket.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Lokaliteten er tidlegare kartlagt som verdifullt kulturlandskap. For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med sauebeitning, samt ikkje bruk av anna gjødsel enn det husdyra tilfører. Beitetrykket bør halde fram som i dag og vere høgt.

**Skriftlege kjelder:** Aksdal 1994, Jordal og Gaarder 1993, 1995, 1998

## Nord for Sandhamn

**Lokalitetsnummer:** 25

**Kartblad:** 1119 IV

**UTM (EUREF89):** LQ 173-175 079-085

**Høgd over havet:** Ca. 20

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Opphøy av beite og gjengroing, gjødsling

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

### Områdeskildring:

Lokaliteten ligg austvendt mellom Sandhamn og Kleiveneset. Grashei som beites av sau og er i god hevd. Området er ganske bratt og litt steinet med et flatere parti nede ved sjøen og veien. Det er fleire teikn på eit kalkhaldig jordsmonn, m.a. vart det funne vill-lin.

(Basert på skildring i Jordal og Gaarder 1993).

Det er funne mange artar beitemarkssopp (62 artspoeng, 2 besøk) og 16 naturengplantar.

**Spesielle artar:** Raudlista beitemarkssopp: Musserongvokssopp (*Hygrocube fornicata*) (DC - Hensynskrevjande), sauevokssopp (*Hygrocube ovina*) (E - direkte truga), brun engvokssopp (*Hygrocube colemanniana*) (V - sårbar), rødkivevokssopp (*Hygrocube quieta*) (DC - Hensynskrevjande), rød honningvokssopp (*Hygrocube splendissima*) (V - sårbar), flammevokssopp (*Hygrocube intermedia*) (V - sårbar), grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*) (V - sårbar), brunsvart jordtunge (*Geoglossum umbratile*) (DC - Hensynskrevjande) og ravnerødkivesopp (*Entoloma corvinum*) (DC - Hensynskrevjande).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Lokaliteten er tidlegare kartlagt som verdifullt kulturlandskap. Lokaliteten heng saman med lokalitet nr. 24, men er skilt ut som ein eigen lokalitet. Det høge talet på beitemarkssopp og naturengplantar gjer dei to lokalitetane til ein av dei mest verdifulle i fylket. Dersom ein ser på dei to lokalitetane som eit område har dette området 86 artspoeng for beitemarkssopp og 16 naturengplantar, og er truleg ei av dei mest verdifulle kystgrasheiene som er att i fylket. Den nordlige delen av lokaliteten er meir vegetasjonsfattig og har større innslag av stein og blokkmark, men er allikevel teke med. Funn av mange raudlisteartar, samt relativt stor utstrekning og god hevd gjer at lokaliteten får verdien svært viktig (A).

**Truslar/konflikt og forvaltning:** For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med sauebeiting, samt ikkje bruk av anna gjødsel enn det husdyra tilfører. Beitetrykket bør halde fram som i dag og vere høgt.

**Skriftlege kjelder:** Aksdal 1994, Jordal og Gaarder 1993, 1995, 1998

## Hestehammarneset / Nupeneset / Nupafjellet

**Lokalitetsnummer:** 26

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 200 047

**Høgd over havet:** 0-200

**Naturtype:** Kystlynghei

**Vegetasjonstype:** Tørr gras-urterik hei - H2 (ca. 50%), Fuktig lynchei - H3, Bergsprekk og bergvegg - F2, Bergknaus og bergflate - F3

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:** Svært viktig viltområde

**Truslar:** Forstyrring

**Undersøkt:** 23.06.03 KJG

**Områdeskildring:** Lokaliteten ligg på toppen av ein fjellrygg på halvøya mellom Gursken og Sandsfjorden på Gurskøya. Området har nord- og vestvendte strender og fjellsider, samt typisk beitepåvika kystlynghei og myr i eit ope, svakt kupert landskap med høgaste punkt 240 moh. I nordre del av avgrensinga, oppover i Langebruna, ligg ein koloni med eit titals gråmåse- og svartbakpar (nasjonal ansvarsart). På lokaliteten har det vore ein stor konsentrert stormåsekoloni (sildemåse, gråmåse, svartbak) (opp til 300 par) som har vore nokonlunde stabil over relativt lang tid. Det synast som om kolonien vart etablert då dei store måsekoloniane mellom Voksa og Sandsøya vart vekk på 70-talet. Bergirisk (nasjonal ansvarsart) hekkar også her. Elles har det hekka ærfugl, enkeltbekkasin, storspove, ramn og orrfugl. Av lav er det registrert lungenever, skrubbenever, blåfiltlav, bikkjenever og papirnever.

**Spesielle artar:** Fleire ulike raudlisteartar samt bergirisk (nasjonal ansvarsart).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Samla sett vert lokaliteten vurdert som viktig (B).

**Avgrensing og prioritering viltområde:** Lokaliteten vert vurdert som et svært viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Forstyrring kan vere eit problem. Lokaliteten bør undersøkast nærmare av ekspertar på beitemarkssopp, då potensialet for interessante funn synest å vere tilstades.

**Skriftlege kjelder:** Folkestad og Loen 1998

## Hallevatnet

**Lokalitetsnummer:** 27

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 215 025

**Høgd over havet:** Ca. 0

**Naturtype:** Undervasseng og brakkvasspoll

**Vegetasjonstype:** Ålegras/ alge-undervasseng - U1, havgras-tjønnaks-undervasseng, havgrasutforming – U2a

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:** Viktig viltområde

**Truslar:** Forureining, utbygging, forstyrring, mink

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

**Områdeskildring:** Lokaliten er ein grunn brakkvasspoll med eit par holmar omgjeve av strandenger, lyncmark, furuplantefelt og dyrkamark. Eit par mindre bekkar munnar ut i området. Viktig hekkelokalitet for sjøfugl, m.a. hettemåse, fiskemåse, makrell- og raudnebbterne. Av andre hekkande artar er gråhegre, stokkand, siland, tjeld, vipe, raudstilk (nasjonal ansvarsart) og storspove. Hekkefaunaen har avtatt noko dei siste åra. Dei siste åra har vore særslig hekkeår for terner over alt i distriktet, og det er difor ingen grunn til å tru at lokaliteten ikkje lengre har funksjon for dei aktuelle artane. Vatnet tener som beiteplass for sangsvaner, ender og vadefuglar i trekktidene og dels i myteperiodane. Botanisk sett er lokaliteten også interessant både når det gjeld strandeng- og brakkvassflora. På lokaliteten er det ålegras- og småhavgrasenger, samt en bra bestand skruehavgras.

(Skildring etter Folkestad og Loen 1998)

**Spesielle artar:** Skruehavgras (*Ruppia cirrhosa*) er oppført som omsynskrevjande i den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2001).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Dei siste åra har vore særslig dårlige hekkeår for terner over alt i distriket, og det er difor ingen grunn til å tru at lokaliteten ikkje lengre har funksjon for dei aktuelle artane. Lokaliteten har høg verdi både for sjøfugl, som våtmark, men spesielt på grunn av dei botaniske verdiane med velutvikla samfunn av den regionalt sjeldne/ omsynskrevjande arten skruehavgras. Lokaliteten vert samla sett vurdert som viktig (B).

**Avgrensing og prioritering viltområde:** Viltvekttall er ikkje vurdert, men lokaliteten er allikevel vurdert som viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Inngrep og utbyggingar omkransar lokaliteten. Jordbruksinteresser i vestkanten. Det har vore noko tilslig frå dyrka mark og busetnad. Midlertidig freda som naturreservat av di ein av grunneigarane ikkje såg seg forplikta til å avstå frå anleggsverksemder inntil spørsmålet om vern var avklara. Vart ikkje teke med i verneplan for sjøfugl i fylket, og det midlertidige vernet vil difor verte oppheva. Ei kraftledning går langs vatnet på nordsida. Mink har år om anna vore eit stort problem i koloniane. Forstyrring, særleg i hekketida, kan vere eit problem.

**Skriftlege kjelder:** Folkestad 1982, Holten et al. 1986a, 1986b, Folkestad og Loen 1998

## Dalevatnet

**Lokalitetsnummer:** 28

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 226 009

**Høgd over havet:** Ca. 30

**Naturtype:** Rik kulturlandskapssjø

**Vegetasjonstype:** O3b flaskestarr-utfirning

**Prioritet naturtype:** Lokalt viktig (C)

**Prioritet viltområde:** Vekttal 3, viktig viltområde

**Truslar:** Forureining frå landbruket

**Undersøkt:** 05.05.04 KJG

**Områdeskildring:** Lokaliteten er eit lite frodig tjern omkransa av dyrkamark på vest- og nordsida, og utmark på sørsida. Tjernet har breie vegetasjonssoner og gjengroingsområde. Nokre svartor veks i området. Vatnet og området ikkje er hekkeplass for vassfugl og beiteplass i isfrie perioder om vinteren. Det er registrert ål og augestikkjarar (ikkje artsbestemte).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Ein av dei meir produktive ferskvasslokalitetane i kommunen. Lokaliteten vert vurdert som lokalt viktig (C).

**Avgrensing og prioritering viltområde:** Hekkeområde for andefuglar - vekttal 3. Lokaliteten vert vurdert som viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Tendensar til Algevekst i vatnet som tyder på næringstilsig frå jordbruksområdet.

**Skriftlege kjelder:** Strand 1998

## Grønholmen

**Lokalitetsnummer:** 29

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 220 007

**Høgd over havet:** 0-5

**Naturtype:**

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:**

**Prioritet viltområde:** Registrert viltområde

**Truslar:** Utbygging og forstyrring

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

**Områdeskildring:** Lokaliteten er eit nesten snautt skjer der det hekkar ein del terner. Det er ein gråhegrekoloni på lokalitetet.

**Avgrensing og prioritering viltområde:** Eldre observasjonar: Hekkeområde terner - vekttal 3, hekkelokalitet hegge - vekttal 2. Det er no fleire år sidan terner hekka, og lokaliteten har truleg fått forringa verdi. Lokaliteten vert teke med, men kun som registrert viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Utbygging og forstyrring. Det er bygd bilveg ut til og naust på lokalitetet.

## Larsnes: Breidvik

**Lokalitetsnummer:** 30

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LP 231 999

**Høgd over havet:** 1-20

**Naturtype:** Rik edellauvskog

**Vegetasjonstype:** D2c Rike kyst-hasselkratt

**Prioritet naturtype:** Svært viktig (A)

**Prioritet viltområde:** Vekttal 2, viktig viltområde

**Truslar:** Gruvedrift, granplanting

**Undersøkt:** 13.08.03 KJG og MV

**Områdeskildring:** Grunna dei kalkrike bergartane i området, er denne lokaliteten kjent langt tilbake for sin botaniske diversitet. Lokaliteten er først omtala av Hans Strøm midt på 1700-talet, og er botanisk sett den mest artsrike lokalitet i Sande kommune. Av edle treslag finn ein her alm, ask og hassel i tillegg til bjørk, osp, hegg og andre treslag. Lokaliteten er rik på orkidéar og har muligens fylkes tettaste bestand av raudflangre. Av orkidartar veks det breiflangre, brudespore, stortveblad, vårmarihand, skogmarihand, flekkmarihand og nattfiol. Området inneheld også fylkets rikaste bestand av den raudlista lavarten kystblåfiltlav (*Degelia atlantica*) (DC). Av raudlista sopp er det funne grå trompetsopp (*Pseudocraterellus undulatus*) (DC). Lokaliteten er fragmentert av anleggsvegar og kalksteinsbrot. Nesa mot sjøen er prega av beitepåvirknad og attgrodd slåttemark, samt nokre fråflytta bygningar. I eit av kalbrota hekkar nokre titals par fiskemåse, lokaliteten vert dermed også teke med som viltområde.

**Spesielle artar:** Grå trompetsopp (*Pseudocraterellus undulatus*) (DC), kystblåfiltlav (*Degelia atlantica*) (DC).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Det meste av området er sterkt fragmentert og påvirka av kalksteinsbruddet men orkidéane og mange av plantene etablerer seg på overskotsmassa etter steinbrotet. På grunn av artsrikdomen og to raudlista artar blir lokaliteten verdsett til svært viktig (A)

**Avgrensing og prioritering viltområde:** Hekkekolonji av fiskemåse - vekttal 2. Lokaliteten vert vurdert som viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Kalksteinsbrotet er eit klart trugsmål for denne artsrike lokaliteten. For å ta vare på artsdiversiteten på lokaliteten etter at drifta er over, er det naudsynt med grundig planlegging av plassering og planering av overskotsmassene.

**Skriftlege kjelder:** Hans Strøm 1762-1766, Wischmann 1965

## Oksavik beite

**Lokalitetsnummer:** 31

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 275 008

**Høgd over havet:** 130-150

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Vegetasjonstype:** Frisk fattigeng, vanlig utforming - G4a

**Prioritet naturtype:** Lokalt viktig (C)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Ophøyr av beite og gjengroing, gjødsling

**Undersøkt:** 23.09.03 KJG

**Områdeskildring:** Bratt naturbeitemark/ einerbakke. Lokaliteten blir beita av sau og er ved rydding av einer og kratt holdt i bra hevd. Det går ein skogsveg over området. Her veks mange typiske beitemarksplanter, m.a. ryllik, smalkjempe, lægeveronika, tveskjeggveronika, snau-veronika, småengkall, jonsokkoll, blåknapp. Av beitemarksopp er det registrert 9 artar: Tjeglevokssopp, engvokssopp, gulvokssopp, skjørvokssopp, honningvokssop mørnevoks-sopp, skarlagensvokssopp, seigvokssopp og kaffebrun traktsopp. Ingen av desse er raudlista, men potensialet for funn av slike artar er til stades.

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Lokaliteten er i god hevd, men er noko gjødsla. Potensialet for funn av raudlisteartar er vurdert som stort. Verdien vert vurdert som lokalt viktig (C).

## Avgrensing og prioritering viltområde:

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjødsel med sauebeiting, samt ikkje bruk av anna gjødsel enn det husdyra tilfører. Lokaliteten bør undersøkast nærmere av ekspertar på beitemarksopp.

**Muntlege kjelder:** Kjartan Oksavik

## Oksavik svartor

**Lokalitetsnummer:** 32

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 275 009

**Høgd over havet:** Ca. 150

**Naturtype:** Rik edellauvskog

**Vegetasjonstype:** Blåbær-edellauvskog - D1, Lavurt-edellauvskog - D2, Gråor-heggeskog, svartor-utforming - C3c

**Prioritet naturtypeområde:** Lokalt viktig (C)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Granplanting

**Undersøkt:** 23.09.03 KJG

**Områdeskildring:** Lita samling av svartor. Skog av dette treslaget kjem inn under kategorien edellauvskog og avtek sterkt nord for Stadt. Lokaliteten ber preg av beiting, men beiterykket er lavt, med gjengroingsartar som sølvbunke og andre grasartar som dominerande innslag. Eit bekke-/ fuktsig renn igjennom lokaliteten. Lokaliteten ligg inntil lok. nr. 31. Det er spreidde alme- og eiketre i området. Desse er planta inn av ein tidligare eigar. Eika stammar frå svenske eikenøtter.

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Utviklingsgrad og artsutval gjer at lokaliteten vert vurdert som lokalt viktig (C).

**Muntlege kjelder:** Kartan Oksavik

## Laupsneset

**Lokalitetsnummer:** 33

**Kartblad:** 1119 II

**UTM (EUREF89):** LQ 318 012

**Høgd over havet:** 10-500

**Naturtype:** Gammal lauvskog

**Vegetasjonstype:** Nær opptil A3c med bjørk som hovudtreslag

**Prioritet naturtype:** Lokalt viktig (C)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:**

**Undersøkt:** 03.09.03 KJG

**Områdeskildring:** Sørvendt, bratt lauvskogsli med hamrar og berg. Bjørk dominerer tresjiktet, men det er også innslag av alm, osp, hassel og spreidde forekomstar av kristorn. Lokaliteten er først og fremst ein viltlokalitet. Den er ein viktig oppholdsstad for hjort.

**Spesielle artar:** Alm er oppført som sårbar på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

**Avgrensing og prioritering naturtypekartlegging:** Trass i enkelte interessante artar vert lokaliteten vurdert som dårlig utvikla gjeve verdien lokalt viktig (C).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Det er hjort i området. Hardt hjortebeite kan føre til manglande gjenvekst av alm, og dyra kan også gjennom gnag skade og drepe store almetre (Jordal og Gaarder 1997, 1998b, Gaarder og Jordal 2003).

**Muntlege kjelder:** Alv Ottar Folkestad

**Skriftlege kjelder:**

## Knotten / Kråkereidet

**Lokalitetsnummer:** 34

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 235 038

**Høgd over havet:** 25-131

**Naturtype:**

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:**

**Prioritet viltområde:** Totalt vekttal 2, viktig viltområde

**Truslar:**

**Undersøkt:** 06.08.03 KJG

**Områdeskildring:** Lokaliteten er dominert av plantefelt med furu, men også gran. Avgrensinga er gjort på bakgrunn av viltverdiane på lokaliteten, med fokus på funksjonen som leve- og yngleområde for hjort og orrfugl. Hjortesti yst på lokaliteten, over vegen mot Gurskevågen, kan tyde på trekkveg over vågen mot Hauge. Trekkveg inn til lokaliteten over Drageskardet.

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Hjort: Heilårs leve- / yngleområde - vekttal 2, orrfugl: Leve- / hekkeområde vekttal 2. Totalt vekttal 2. Lokaliteten vert vurdert som viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Skogsdrift vil forringe denne lokaliteten.

## Vågen / Vågselvosen

**Lokalitetsnummer:** 35 (01108)

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 258 029

**Høgd over havet:** Ca. 0

**Naturtype:** Brakkvassdelta

**Vegetasjonstype:** Vågos

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:** Viktig viltområde

**Truslar:** Forureining

**Undersøkt:** 01.08.2003 KJG

**Områdeskildring:** Vågselva dannar ein vågsos med ei stor høgproduktiv grunntvassflate. Vinterstid kan inntil 40-50 songsvaner beite i området (1997 data). I vinterhalvåret har og stokkender, ærfugl og silender tilhald i tidevassområdet.

**Spesielle artar:** Funksjonsområde for sangsvane (R).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Elveos-landskapet er prioritert i fylkesdelplanen for elveoslandskap i Møre og Romsdal (Godkjent 10.06.94 i Miljøverndep.). Lokaliteten vert vurdert som viktig (B).

**Avgrensing og prioritering viltområde:** Sangsvane: Funksjonsområde – vekttal 2 gjev verdien viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Lokaliteten er generelt truga av utfyllingar og utbyggingar, samt i mindre grad forureining. Prøver ved dei skipsverftet i Gurskebotn har vist at dei marine sedimenta er forureina av tungmetall. Fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.) inneheld retningsliner for forvaltning av brakkvassdeltaet, og tilrår m.a. korleis lokaliteten bør sikrast for framtida gjennom arealdelen til Sande kommune (Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994: 12). Kommunen har utarbeida reguleringsplan for området der elva renn ut. Ein del ulovleg utfylling har funne stad på austsida, og mindre restaureringstiltak kan vere aktuelle for å betre vassutsikttinga i vågosen. Lokaliteten ligg nær ein skule, og vil kunne nyttast til undervisningsføremål.

**Skriftlege kjelder:** Lindstrøm og Relling 1994, Møre og Romsdal Fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1994, Oterhals 1996, Fagerhaug 1997, Relling og Otnes 2000

## Vågselva

**Lokalitetsnummer:** 36

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 259-275 019-025

**Høgd over havet:** 0-20

**Naturtype:** Viktig bekkefar

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Utbygging, kanalisering, forureining

**Undersøkt:** 06.08.03 KJG

**Områdeskildring:** Vågselva renn gjennom Almestadsmyna (lok. nr. 37) og har ein meanderande karakter. Her finns det ein livskraftig bestand av den raudlista elveperlemuslingen (*Margaritifera margaritifera*) (V). Variasjon i størrelsen på individua tyder på stabil yngling. Bestandsstørrelsen er ukjent, men eit laust overslag tyder på minst eit hundretusentals individ.

**Spesielle artar:** Den raudlista musling arten elveperlemusling (*Margaritifera margaritifera*) (V).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Relativt bra status og få inngrep, samt livskraftig bestand av raudlisteart gjev verdien viktig (B).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Utbygging, kanalisering og forureining (eutrofiering og tilsig frå landbruksavfall) er truslar mot lokaliteten. Forurensingstilstanden i vassdraget vart undersøkt i 1997. Begroingstilstanden var god, men tilstanden av termotolerante koliforme bakteriar vart vurdert som meget dårlig. Det er knytt viktige friluftsinteresser til elvestrekninga.

**Skriftlege kjelder:** Lindstrøm og Relling 1994, Relling og Otnes 2000b

## Almestadsmyna

**Lokalitetsnummer:** 37

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 259-275 019-025

**Høgd over havet:** 0-20

**Naturtype:** Intakt låglandsmyr

**Vegetasjonstype:** Nedbørsmyr, tuemyr - J2a, fastmattemyr - J3a-c, mjukmatte/ lausbotnmyr - J4  
Mot dyrka mark rikare parti med minerotrof karakter (ca 10 %) (Variert utforming)

**Prioritet naturtype:** Viktig (B)

**Prioritet viltområde:**

**Truslar:** Oppdyrkning, forureining

**Undersøkt:** 06.08.03 KJG

**Områdeskildring:** Denne myra er den største i sit slag i Sande kommune, og er i lag med myrområda på Voksa og nokre ubetydelige restar ytterst i Hellandsmyrane på Sandsøya dei einaste i kommunen. Myra ber preg av tidligare tiders torvtektskultur, og dei vassfylte, delvis attgrodde myrhola vert no brukt som yngleområde for libeller og vassnymfer (5 registrerte artar). Gjennom myra renn Vågselva (lok. nr. 36) med meanderande karakter. Den raudlista elveperlemusling (*Margaritifera margaritifera*) (V) er å finne på begge lokalitetane.

**Spesielle artar:** Den raudlista musling arten elveperlemusling (*Margaritifera margaritifera*) (V).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Inntakt lavlandsmyr er ei naturtype i sterkt tilbakegang. Størrelse, samt livskraftig bestand av raudlisteart gjev lokaliteten verdien viktig (B).

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Naturtypen har vore svært utsett for grøfting og oppdyrkning eller tilplanting med skog. Det bør i framtida ikkje gjerast fleire inngrep på lokaliteten. Forureining (eutrofiering og tilsig frå landbruksavfall) kan også vere ein trussel mot lokaliteten.

## Aregjell

**Lokalitetsnummer:** 38

**Kartblad:** 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 260-279 030

**Høgd over havet:** 80-200

**Naturtype:**

**Vegetasjonstype:**

**Prioritet naturtype:**

**Prioritet viltområde:** Svært viktig viltområde

**Truslar:** Forstyrring

**Undersøkt:** 10.08.03 KJG

**Områdeskildring:** Gamalt plantefelt av furu. Lokaliteten er leve- og yngleområde for orrfugl og hjort. I underkant av lokaliteten veks enkelte almetre.

**Spesielle artar:** Alm er oppført som sårbar på den regionale raudlista (Gaarder og Jordal 2003).

**Avgrensing og prioritering naturtypeområde:** Lokaliteten er dårleg utvikla og er ikkje teke med som eigen naturtypelokalitet.

**Avgrensing og prioritering viltkartlegging:** Hjort: Leve- / yngleområde - vekttal 2, orrfugl: Leve- / hekkeområde vekttal 2. Totalt vekttal 4. Lokaliteten vert vurdert som svært viktig viltområde.

**Truslar/ konflikt og forvaltning:** Skogsdrift

## Aurvoll / Brekke / Hauge

**Lokalitetsnummer:** 39

**Kartblad:** 1119 II, 1119 III

**UTM (EUREF89):** LQ 230-300 045-055

**Høgd over havet:** 100-250

**Naturtype:** Gammal lauvskog

**Vegetasjonstype:** Blåbærbjørkeskog - A4

**Prioritet naturtype:** Lokalt viktig (C)

**Prioritet viltområde:** Totalt vekttal 3, viktig viltområde

**Truslar:** Hogst

**Undersøkt:** 02.08.03 KJG og MV

